



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 42

(2004–2005)

Om lov om endringar i lov 18. mai 1990
nr. 11 om stadnamn m.m.

Innhold

1	Innleiing med samandrag	5	8	Gjenopptaking	21
1.1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5			
1.2	Bakgrunnen for endringsforslaga	5	9	Særskilde reglar om gards- og bruksnamn	22
1.2.1	Generelt	5	9.1	Gjeldande reglar	22
1.2.2	Evalueringsrapporten	6	9.2	Forslag i høyringsnotatet	22
1.2.3	Høyringsrunden	6	9.3	Høyringsfråsegner	22
1.3	Samandrag	7	9.4	Departementets vurdering og forslag	22
2	Generelle problemstillingar	9			
3	Formål og verkeområde	12	10	Reglar om bruk av stadnamn	23
3.1	Den rettslege situasjonen i dag	12	10.1	Gjeldande reglar	23
3.2	Forslag i høyringsnotatet	12	10.2	Forslag i høyringsnotatet	23
3.3	Høyringsfråsegner	12	10.3	Høyringsfråsegner	23
3.4	Departementets vurdering og forslag	12	10.4	Departementets vurdering og forslag	23
4	Definisjonar	14	11	Reglar om klage	25
4.1	Gjeldande reglar	14	11.1	Gjeldande reglar	25
4.2	Forslag i høyringsnotatet	14	11.2	Forslag i høyringsnotatet	25
4.3	Høyringsfråsegner	14	11.3	Høyringsfråsegner	25
4.4	Departementets vurdering og forslag	14	11.4	Departementets vurdering og forslag	25
5	Reglar om namnevern og namnsetjing	15	12	Andre problemstillingar	27
5.1	Gjeldande reglar	15	12.1	Stadnamnkonsulentane	27
5.2	Forslag i høyringsnotatet	15	12.2	Stadnamnregisteret (SSR)	27
5.3	Høyringsfråsegner	15	12.3	Regel om unntak	27
5.4	Departementets vurdering og forslag	15	12.4	Forskriftsheimel	28
6	Reglar om skrivemåten	17	13	Forholdet til internasjonale konvensjonar	29
6.1	Gjeldande reglar	17			
6.2	Forslag i høyringsnotatet	17	14	Økonomiske og administrative konsekvensar	30
6.2.1	Lokal talemålsform	17			
6.2.2	Primærfunksjon	18	15	Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget	31
6.3	Høyringsfråsegner	18			
6.4	Departementets vurdering og forslag	18			
7	Saksbehandlingsreglar for fastsetjing av skrivemåte	19		Forslag til lov om endring av lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn m.m.	37
7.1	Gjeldande reglar	19			
7.2	Forslag i høyringsnotatet	19	Vedlegg		
7.3	Høyringsfråsegner	20	1	Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn	40
7.4	Departementets vurdering og forslag	20			



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 42

(2004–2005)

Om lov om endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn m.m.

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 17. desember 2004,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing med samandrag

1.1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Kultur- og kyrkjedepartementet legg med dette fram forslag til lov om endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn. Formålet med stadnamnloven er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei praktisk og tenleg skriftform og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna. Gjeldande lov har vist seg å vere både uklar og lite formålstenleg på fleire punkt, tidkrevjande å praktisere, og det har mangla ein del viktige føresegner. Formålet med lovendringane er såleis både å forenkle saksbehandlinga og å gi klarare og meir høvelege og funksjonelle føresegner.

Det er foreslått endringar på desse områda:

- ny formålsparagraf
- fleire definisjonar av sentrale omgrep i loven
- nye reglar om namnsetjing
- ny regel om gjenopptaking av saker
- reglane for fastsetjing av skrivemåte
- reglane om fleirspråklege namn
- reglane om bruk av stadnamn
- klagereglane
- gebyr for informasjon frå Sentralt stadnamnregister (SSR)

Det er ikkje foreslått realitetsendringar i det geografiske verkeområdet. I tillegg til realitetsendringane er det gjort fleire redaksjonelle endringar.

1.2 Bakgrunnen for endringsforslaga

1.2.1 Generelt

Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn vart sett i verk 1. juli 1991. Loven med forskrift gir reglar for fastsetjing av skrivemåten for stadnamn, norske, samiske og finske, og om bruken av stadnamn i fleirspråklege område. Med heimel i loven vart det også oppretta ei regional namnekonsulentteneste med sekretariat og konsulentar for norske, samiske og finske stadnamn og eit sentralt stadnamnregister (SSR) ved Statens kartverk. Ei klagenemnd vart også oppretta.

Det vart tidleg klart at regelverket førte til svært omstendelege og ressurskrevjande behandling av sakene. Etter seks år vart det gjennomført ei spørjeundersøking der kommunar, fylkeskommunar og aktuelle organ og institusjonar vart stilte ein del spørsmål med tilknytning til praktiseringa av loven.

1.2.2 Evalueringsrapporten

Med utgangspunkt i svara frå undersøkinga og andre problemstillingar som hadde kome fram i løpet av dei 10 åra loven hadde verka, utarbeidde ei arbeidsgruppe med representantar frå namnekonsulenttenesta med Klagenemnda, Statens kartverk og Kultur- og kyrkjedepartementet (heretter kalla evalueringsgruppa) ein evalueringsrapport. Norsk språkråd deltok tidvis i arbeidet. Rapporten frå gruppa vart lagd fram i 2001 og send på høyring til alle kommunar, fylkeskommunar, departement og aktuelle organisasjonar og institusjonar. Høyringsfråsegnene viste brei tilslutning til tanken om ei lovending; særleg var det semje om forenkling av regelverket.

I rapporten vart det mellom anna foreslått endringar på desse punkta:

- Saksgangen i stadnamnsakene er svært tids- og ressurskrevjande. Det bør derfor vurderast om det kan gjerast endringar som kan gjere saksgangen enklare, og som vil gjere regelverket klarare og dermed lettare tilgjengeleg for alle som skal praktisere det, samtidig som det demokratiske og det namnefaglege aspektet blir teke best mogleg vare på.
- Fleire av føresegnene har vist seg å føre til urimeleg mykje arbeid, lokal strid og klagesaker. Endringar som går ut på å fjerne eller å mjuke opp desse, bør derfor vurderast.
- Det synest også å vere behov for å regelfeste nokre område som ikkje er tekne med i gjeldande lov, t.d. om namnevern.
- Det er også nødvendig med ein del redaksjonelle endringar og klargjering av uklare punkt, t.d. ved betre definisjonar.

1.2.3 Høyringsrunden

I februar 2004 vart eit høyringsnotat med forslag om endring av stadnamnloven sendt på høyring til aktuelle institusjonar, organisasjonar og fagorgan. Det kom inn 87 fråsegner, og av desse var 36 frå kommunar og 3 frå fylkeskommunar. 4 fråsegner kom frå samiske høyringsinstansar og 2 frå kvenske høyringsinstansar. Dessutan kom det fråsegner frå skogsfinske interesser og skoltane. Dei resterande kom frå faglege instansar, organisasjonar og institusjonar. Fråsegnene vil elles bli omtala i dei kapitla der dei høyrer til.

Notatet vart sendt på høyring til:

Departementa
Sametinget
Fylkesmennene
Fylkeskommunane

Kommunane
Universiteta
Noregs landbrukshøgskole
Høgskolen i Finnmark
Høgskolen i Volda
Høgskolen i Stavanger
Høgskolen i Agder
Samisk høgskole
ABM-utvikling
Árran lulesamisk senter
Bokmålsforbundet
De samiske samlinger
Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur
Det norske meteorologiske institutt
Direktoratet for naturforvaltning
Finsk-norsk forening
Finsk-norsk kulturinstitutt
Forsvarets militærgeografiske teneste
Jernbanelverket
Klagenemnda for stadnamnsaker
Kommunenes Sentralforbund
Kompetansesenteret for urfolks rettigheter
Kvæntunet
Kvenkultursenteret
Kystdirektoratet
Avinor AS
Namnekonsulenttenesta
Norut NIBR
Nordnorsk Kulturråd
Nordisk samisk institutt
Noregs Mållag
Norges Bygdekvinnelag
Norges Bondelag
NGU – Noregs geologiske undersøking
Norsk Bonde- og Småbrukarlag
Fagforbundet
Norsk kulturråd
Norsk språkråd
Norske Kveners Forbund
Norsk lokalhistorisk institutt
Norsk Polarinstitutt
Norske Reindriftssamers Landsforbund
Norske Samers Riksforbund
Noregs vassdrags- og energidirektorat
Posten Noreg AS
Reindriftsforvaltningen
Rettshjelpskontoret i Indre Finnmark
Riksmålsforbundet
Samarbeidsnemnda for namnegransking
Samenes folkeforbund
Samenes Landsforbund
Samerådet
Samisk kultursenter
Skogsfinnes interesser i Norge
Skoltene i Norge

Statens kartverk
 Statens kartverk Sjø
 Vegdirektoratet
 Østsamene i Neiden
 Ája samisk språksenter

Av desse fekk departementet inn høyringsfråsegner frå:

Finansdepartementet
 Justisdepartementet
 Kommunal- og regionaldepartementet
 Miljøverndepartementet
 Samferdselsdepartementet
 Sametinget
 Buskerud fylkeskommune
 Hedmark fylkeskommune
 Nordland fylkeskommune
 Alta kommune
 Bergen kommune
 Bjugn kommune
 Brønnøy kommune
 Hornindal kommune
 Karmøy kommune
 Lørenskog kommune
 Kristiansand kommune
 Lillesand kommune
 Meråker kommune
 Oslo kommune
 Regionrådet Nordhordland (kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Radøy, Modalen og Osterøy)
 Risør kommune
 Sarpsborg kommune
 Skaun kommune
 Steinkjer kommune
 Stord kommune
 Sula kommune
 Surnadal kommune
 Tromsø kommune
 Vefsn kommune
 Vestvågøy kommune
 ABM-utvikling
 Direktoratet for naturforvaltning
 Høgskolen i Stavanger
 NTNU – Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet/Det historisk-filosofiske fakultetet
 Universitetet i Oslo
 Universitetet i Tromsø
 Bokmålsforbundet
 DIS-Norge (Databehandling i slektsforskning)
 Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur/Riksmålsforbundet
 Noregs Mållag
 Norges Bygdekvinnelag
 Nynorsklaget

Trønderlaget
 Stiftelsen Årran
 Faggruppa for Norsk senter for kvænsk språk og kultur
 Nordisk samisk institutt
 Norske Kveners Forbund
 Norske Samers Riksforbund
 Skogsfinske interesser i Norge
 Skoltene i Norge
 Klagenemnda for stadnamnsaker
 Namnekonsulenttenesta for norske stadnamn
 Norsk språkråd
 Samarbeidsnemnda for namnegransking
 Statens kartverk
 Posten Noreg AS

Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Fiskeridepartementet, Forsvarsdepartementet, Helsedepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Utanriksdepartementet, Utdannings- og forskingsdepartementet, Kystverket, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Fylkesmannen i Vestfold og kommunane Drammen, Hol, Rissa og Ål hadde ingen merknader.

1.3 Samandrag

I kap. 2 om generelle problemstillingar blir spørsmålet om kva for rolle det offentlege skal ha i arbeidet med stadnamn, drøfta. Den enkeltføresegna som har ført til flest klagesaker, spørsmålet om bruk av bunden eller ubunden form, blir foreslått mjuka opp og endra i retning av tidlegare føresegner. Innsamling av stadnamn og normering av kvenske namn blir også teke opp. I kap. 3 blir det foreslått at ein formålsparagraf skal takast inn, og kap. 4 inneheld definisjonar av viktige omgrep i loven. Forslag til ein ny paragraf om namnevern og namnsetjing er omtala i kap. 5. Kap. 6 og 7 omhandlar reglar om saksbehandlinga. Kap. 6 konkluderer med at det skal takast utgangspunkt i den lokale talemålsforma når skriftforma skal fastsetjast, og at primærfunksjonen for namnet skal vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane. I kap. 7 er det foreslått reglar for korleis skrivemåten skal fastsetjast, og det er særleg her at forenklingane i saksbehandlinga kjem inn. Kap. 9 tek for seg særskilde reglar for gards- og bruksnamn. Kap. 10 tek opp bruken av stadnamn, og det er fastsett at offentlege organ skal nytte vedtekne skriftformer av eige tiltak, og at samiske og kvenske stadnamn som blir nytta av folk på staden, skal brukast av det offentlege. Folk som bur fast på staden, omfattar

også dei som har næringsmessig tilknytning til staden over lengre tid. Klagereglane er omtala i kap. 11, og det er der fastsett kven som er adressat for ulike klager. Kap. 12 tek for seg ymse andre problemstillingar, som stadnamnkonsulentane, gebyr for informasjon frå stadnamnregisteret, unntak frå

loven og forskrifter. Forholdet til internasjonale konvensjonar og avtalar er omtala i kap. 13 og økonomiske og administrative konsekvensar i kap. 14. Merknader til dei enkelte paragrafane er tekne inn i kap. 15.

2 Generelle problemstillinger

Stadnamn kom gjennom den tidlege innsamlinga og tolkinga av namna til å spele ei rolle i nasjonsbygginga fordi dei var ein del av den norske kulturskatten. Uttalen vart tillagd stor vekt i nasjonalromantikken som eit motstykke til den danskpåverka skrivemåten. Dialektbølga på 1970 og 80-talet var ei seinare medverkande årsak til denne vektlegginga: det var talemålet som var det ekte.

Det kan likevel spørjast om det er ei oppgåve for det offentlege å gi reglar om korleis namn på privat eigedom skal skrivast, og å gjere vedtak om skrivemåten. Dei fleste slike namn er samla inn, og bruksnamn i aktiv bruk kan finnast i register, på kart osv. Når ein så likevel vel å gjere dette, er det fordi bruksnamna er av meir enn privat interesse; dei er også del av den felles immaterielle kulturarven som det offentlege har ei legitim interesse i å ta vare på.

Stadnamn kan ha fleire funksjonar. Dei er kulturminne, som formidlar bilete av eldre generasjonars erfaringar og innsikt i samspelet mellom menneske og natur og av utviklinga av samfunnet, og dei er ei verdifull lokalthistorisk kjelde, samtidig som dei utgjer ein viktig trivsels- og identitetsfaktor i lokalsamfunna. Stadnamna er også ein del av språket vårt, både av dialektar og i skriftlege kjelder, og dei følgjer til vanleg den same lydutviklinga som andre ord i dialektane.

Men i det praktiske dagleglivet er stadnamna først og fremst adresser som hjelper oss til å orientere oss i landskapet. Slik personnamn er nødvendige for å skilje personar frå kvarandre, er stadnamn nødvendige for at vi skal kunne identifisere stader på ein sikker og eintydig måte.

Departementet vil understreke kor viktig det er å ta vare på den delen av kulturarven som stadnamna utgjer, ikkje berre som grunnlagsmateriale for kultur- og busetjingshistorisk gransking, men også ved å gi stadnamn ein formålstenleg skrivemåte på kart, skilt, i register og i andre offentlege samanhengar.

Gjennom åra har det vore mykje diskusjon om skrivemåten av stadnamn i offentleg bruk. Synspunkta har variert frå ønsket om ein mest mogleg dialektnær skrivemåte til argumentasjon for skrivemåtar som ligg nær opp til skriftspråket, og det er forskjellige meiningar om kva for uttaleform som

skulle vere utslagsgivande. Det er ulike årsaker til at synspunkta varierer så mykje, som ulik vektlegging av eigenskapar knytte til skriftformene: identitetsskapande element, det praktiske og formålstenlege, ulike syn på kva som kjenneteiknar stadnamn som kulturminne mv.

I Ot.prp. nr. 66 (1988–89) Om stadnamn peika departementet på at «reine målføreformer [er] av størst interesse for språkvitskapen, og den delen av stadnamna ligg innanfor arbeidsområdet til namne- og målføregranskarane». Riksantikvarieämbätet i Sverige er inne på noko av det same: «Det kulturella och historiska värdet, minnerna, traditionerna m.m. ligger i själva namnet och i platsen, inte alls i stavningen.» (Ortnamnen och kulturminnelagen). Rundt på institusjonar, i arkiv og i kommunane ligg mange innsamla stadnamn, samtidig som det er store område der det ikkje er gjort ei systematisk namneinnsamling. Dette gjeld særleg for samiske og kvenske namn.

Innsamling av stadnamn

I St.meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014, som vart behandla av Stortinget 1. april 2004, blir spørsmålet om innsamling av stadnamn teke opp. Opp gjennom åra er det samla inn mange stadnamn, men det finst inga oversikt over desse samlingane. Nokre fylke har kome langt i arbeidet, i andre fylke står mykje att, som t.d. i Troms, Finnmark og Trøndelagsfylka, og særleg manglar det mykje med omsyn til kvenske og samiske namn.

Før behovet for innsamling kan vurderast, trengst det ei oversikt over stadnamn som alt er samla inn. I meldinga konkluderer departementet med at behovet for innsamling og organisering av stadnamnarbeidet i det heile må greiast ut nærare. Det vil bli vurdert om det nye kompetansesenteret for språk kan koordinere desse oppgåvene når det er på plass.

Bunden eller ubunden form

Eit spørsmål som har fått stor merksemd, er bruken av bunden eller ubunden form. Frå stadnamnloven tok til å gjelde, har om lag 25 % av klagesake-

ne dreia seg om eit stadnamn skal skrivast i bunden eller ubunden form; særleg gjeld dette bruksnamn. Dette er i dag regulert i forskrifta. I § 2–2 andre ledd bokstav a er det fastsett at grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform og bunden eller ubunden form som hovudregel skal rette seg etter målføret. Regelen har vore praktisert svært strengt, og det er grunn til å tru at ei oppmjuking av regelverket på dette punktet ville spare systemet for mange klagesaker som ikkje er viktige for namneverket. Det ville også bli mindre misnøye med loven fordi regelen ville vere meir i samsvar med folks rettskjensle, og dessutan samsvare med tilsvarende føresegn i føresegner om skrivemåten av stadnamn, Kronprinsregentens resolusjon 31. mai 1957, som var gjeldande rett fram til stadnamnloven tok til å gjelde. Departementet har derfor vurdert denne problemstillinga.

Det er sterke kjensler knytte til namn på privat eigedom, særleg for slektsgardar, der ættilknytning og lokal kulturtradisjon er oppfatta som nedfelt i den skriftforma eigaren og ofte kommunen/lokalsamfunnet ønskjer. Det er forståeleg at det i mange høve er eit sterkt psykologisk band mellom gardsnamn og slektsnamn sett frå eigarens side, og i mange tilfelle kjennest det som eit overgrep frå det offentlege å bli påtvinga ein skrivemåte mot sin vilje og beste skjønn. Dette bandet er som oftast ikkje like tett og viktig for festarar av eigedom.

Som nemnt i merknaden til § 5 andre ledd i gjeldande lov skal det leggjast vekt på ønsket til eigaren eller festaren, underforstått innanfor ramma av regelverket. I merknaden står det: «Når det gjeld bruksnamn som er språkleg eller geografisk identisk med nedervde stadnamn, eller med namn som i medhald av andre reglar i denne lova eller i andre lover og forskrifter har fått eller vil få ei offisiell namneform, skal skrivemåten fastsetjast etter reglane i denne lova. Men også når det gjeld slike namn, skal det leggjast vekt på ønsket til eigaren eller festaren.» At så mange av klagene gjeld denne føresegna, tyder på at hovudregelen har vore praktisert nokså kompromisslaust ved at det ikkje er lagt tilstrekkeleg vekt på ønsket til eigar eller festar. Det er likevel gjort om lag 95 000 vedtak sidan loven tok til å gjelde, og av dei er om lag 1000 påklaga. Om lag 250 av desse gjeld bruk av bunden eller ubunden form, medan dei andre spreier seg over heile spekteret av føresegner.

Formuleringa av § 2–2 andre ledd bokstav a i forskrifta førte utilsikta til ei innstramming i forhold til føresegner om skrivemåten av stadnamn frå 1957 A3 første avsnitt, der det heiter at «Bruken av bunden eller ubunden form bør retta seg etter målføret, særleg i reine naturnamn». Vidare heitte det i A2 bokstav b at ved «gardsnamn og andre bustad-

namn bør ein syna varsemd med å retta tradisjonelle namneformer når dei er historisk og nasjonalt forsvarlege». Desse føresegnene vart ikkje tekne inn i stadnamnloven, men dei ivaretok eit behov. Departementet meiner at føresegna om bunden eller ubunden form er for kategorisk formulert og slik gir rom for ei rigorøs tolking det ikkje er tungtvegande grunnar til å halde oppe, og foreslår at formuleringa frå 1957 blir teken inn att. Høyringsinstansar som *Klagenemnda*, *Statens kartverk*, *Språkrådet*, *Bokmålsforbundet*, *Riksmålsforbundet*, *Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur* og mange kommunar er samde i dette. *Namnekonsulenttenesta*, *Samarbeidsnemnda for namnegransking*, *Universitet i Oslo* og *Noregs Mållag* er mellom dei som er mot ei slik endring.

Departementet har vurdert om dette bør regulera i loven, sidan denne problemstillinga fører til såpass mange klager, men har kome til at det er ei problemstilling av teknisk karakter, og at det derfor er naturleg at ho framleis blir regulert i forskrifta. Det er likevel nødvendig med ei presisering, slik at dette kjem klart til uttrykk: bunden form skal gjenomførast i alle naturnamn dersom den bundne forma er i levande bruk i talemålet. Bunden eller ubunden form kan nyttast i gards- og bruksnamn, tettstadnamn, administrasjonsnamn og kommunikasjonsnamn. Bunden form skal nyttast dersom ho er i levande bruk i talemålet i dag. Den ubundne forma skal nyttast dersom ho er i levande bruk i talemålet i dag, og dessutan er godt innarbeidd i skrift. Dersom det er vakling i bruken og lokal usemje, skal fråsegna frå eigaren for namn på privat eigedom, eller frå kommunen og andre med uttalerett for andre namn tilleggast stor vekt.

Finsk og kvensk

Evalueringsgruppa foreslo at finsk skulle endrast til kvensk i dei paragrafane der dette er brukt. Alle høyringsinstansar som har uttala seg om dette, er samde i forslaget, med unntak av *Skogfinske interesser i Norge*, *Gruetunet museum*, som i si fråsegn peikar på at kvensk ikkje dekkjer skogfinske stadnamn, og at desse ikkje må følge finske rettskrivingsprinsipp. Departementet er samd i at dei skogfinske stadnamna ikkje skal følge finske rettskrivingsprinsipp, og legg ikkje opp til endring i den praksis som hittil har vore følgt, dvs. at desse namna kan tilpassast norske rettskrivingsprinsipp.

Ein rapport om kvensk er eit eige språk eller ein finsk dialekt, har vore ute på høyring. Rapporten konkluderer bl.a. med at dei samfunnsmessige og språklege forholda som gjeld for den kvenske minoriteten, gjer at kvensk kan sjåast som eit eige

språk og ikkje som ein finsk dialekt. Saka er no til behandling i departementet. Om kvensk skal rek-

nast som ein finsk dialekt eller eit eige språk, er ikkje avgjerande for endringane i stadnamnloven.

3 Formål og verkeområde

3.1 Den rettslege situasjonen i dag

Lovutkastet frå Stadnamnutvalet (NOU 1983: 6 Stadnamn) inneheldt ein regel der det heitte: «Denne lova gjev reglar om skrivemåten av stadnamn. Formålet med å gje reglane er at stadnamna i riket til saman skal utgjera eit einskapleg namneverk og at stadnamna skal takast vare på som kulturminne.» Dette vart omtala i merknadene til den noverrande § 1 i loven, som omhandlar definisjonar, der departementet sa seg samd i formålet, men ikkje fann det nødvendig med ein eigen formålsparagraf.

Det geografiske verkeområdet er no fastsett i § 2 i loven. Loven gjeld for Fastlands-Noreg, og Kongen kan fastsetje at ho skal gjelde for Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda, den norske kontinentalsokkelen og Noregs økonomiske sone. Denne heimelen er ikkje nytta. Årsaka til det er omsynet til forholdet til utanlandske styresmakter og internasjonale avtalar.

Kven som skal nytte fastsett skriftform, er regulert i § 3.

3.2 Forslag i høyringsnotatet

I høyringsnotatet er det foreslått ein ny § 1 som skal regulere både formålet med loven, verkeområdet og reglar for når loven gjeld. Årsaka til at departementet foreslår å ta inn ein formålsparagraf, er at loven skal brukast av alle nivå i offentleg forvaltning. Formålsparagrafen skal gi uttrykk for intensjonen og verkeområdet og vil kunne hjelpe brukarane til betre å forstå kva det skal leggjast vekt på i saksbehandlinga.

Fordi loven i tillegg til å gjelde fastsetjing av stadnamn eller skrivemåten av stadnamn også gjeld bruk av stadnamn i offentleg samanheng, foreslår departementet at ein regel om kven som har plikt til å rette seg etter loven, også blir teken inn i formålsparagrafen. Det er også naturleg at verkeområdet for loven blir teke inn i denne paragrafen.

3.3 Høyringsfråsegner

Alle dei høyringsinstansane som har uttala seg om dette, er for innføring av ein formålsparagraf. Fleire

av høyringsinstansane ønskjer at loven skal gjerast gjeldande for dei områda som er nemnde i § 2 i gjeldande lov (Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda, den norske kontinentalsokkelen og Noregs økonomiske sone). *Justisdepartementet og Miljøverndepartementet* stiller spørsmål ved omgrepet «einskapleg namneverk» som er foreslått nytta i formålsparagrafen. Miljøverndepartementet spør om eit einskapleg namneverk er eit primært formål med loven, og meiner det er betre å leggje vekt på behovet for eintydige stadnamn i eit moderne samfunn. Justisdepartementet finn omgrepet for konserverande. Det medverkar til å fryse namneutviklinga, og det er vanskeleg å sjå for seg eit behov for dette. Variasjonsrikdommen er i seg sjølv positiv, og den har nettopp oppstått fordi ingen styresmakter har styrt utviklinga. *Statens kartverk* peikar også på at føresegna verkar museal.

3.4 Departementets vurdering og forslag

Departementet er samd i merknadene som gjeld omgrepet «einskapleg namneverk». Dersom ein med einskapleg namneverk meiner at same namnet skal ha lik eller tilnærma lik skriftform i heile landet, er dette umogleg, og slik har det heller ikkje fungert. Det er heller ikkje noko mål. Det synest også vere vanskeleg å påvise at denne føresegna har hatt nokon verknad ved saker om fastsetjing av skrivemåte. Den einskapen ein kan oppnå, er at alle saker blir behandla etter same regelverket, t.d. ved føresegner om bruk av rettskriving og regionale former. Departementet vel derfor å foreslå at dette omgrepet ikkje blir nytta i paragrafen, og har valt å vektleggje kulturminneaspektet, det praktiske formålet og aktiv bruk av namn.

Departementet meiner at det geografiske verkeområdet for loven ikkje skal endrast. Omsynet til forholdet til utanlandske styresmakter og internasjonale avtalar inneber at loven ikkje kan gjerast gjeldande for Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda, den norske kontinentalsokkelen og Noregs økonomiske sone. Loven, slik ho fungerer på dette punktet i dag, er tilfredsstillande, og departementet

foreslår berre ei endring av formuleringa, slik at loven reflekterer den faktiske rettslege situasjonen.

Formuleringa i § 1 andre ledd om kven loven gjeld for, er noko endra frå forslaget i høyringsnotatet. For å sikre at viktige brukarar av stadnamn er omfatta av loven, er det teke inn ei føresegn om at departementet i særskilte tilfelle kan gi forskrift om at lova skal gjelde når selskap som det offentlege ikkje eig fullt ut, brukar stadnamn. Dette vil først og

fremt vere aktuelt i dei tilfella der eit privat selskap i stor grad brukar stadnamn i sin kontakt med publikum. Det er t.d. viktig at fastsett skrivemåte av stadnamn blir bruka i telefonkatalogar. Etter andre ledd i ny § 1 skal loven gjelde når organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut, skriv stadnamn i tenesta og i læremiddel som skal brukast i skolen. Dette gjeld utan omsyn til organisasjonsform.

4 Definisjonar

4.1 Gjeldande reglar

Stadnamnloven inneheld no berre definisjonar av to omgrep: stadnamn og bruksnamn.

4.2 Forslag i høyringsnotatet

Etter departementets syn er det nyttig å definere fleire av omgrepa som er nytta i sjølve lovteksten. I høyringsnotatet har departementet derfor valt å definere dei viktigaste omgrepa i loven. Nokre av definisjonane er videreføringar frå forskrifta, og nokre er nye.

4.3 Høyringsfråsegner

Få av høyringsinstansane har hatt merknader til definisjonsforslaga, men det er semje om at det er nyttig med fleire definisjonar. Nokre, som *Norsk språkråd* og *Namnekonsulenttenesta*, meiner at definisjonen av stadnamn er ein sirkeldefinisjon, og *Miljø-*

verndepartementet har foreslått ei mindre endring i definisjonen av gardsnamn. *Riksmålsforbundet* foreslår ei omformulering av definisjonen av rettskriingsprinsipp.

Miljøverndepartementet gir i si fråsegn uttrykk for at tilvisinga til omgrepet «matrikkelnamn», i forslag til § 2 bokstav b, bør takast ut, fordi det er eit unødvendig ekstra omgrep som kan føre til forvirring. Dette omgrepet er no knytt opp mot «matrikkeleining», som tyder ein eigedom med eit gards- og bruksnummer. I fagterminologien innanfor moderne norsk eigedomsregistrering er det etter kvart sett likskapstegn mellom «matrikkeleining» og «bruksnummer».

4.4 Departementets vurdering og forslag

Departementet synest endringsforslaga som er komne inn, er vel funderte, og definisjonane er endra i samsvar med dette.

5 Reglar om namnevern og namnsetjing

5.1 Gjeldande reglar

Reglar om val av namn er i dag spreidde i fleire lover, t.d. i lov om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom (delingsloven), lov om Den norske kirke og lov om kommuner og fylkeskommuner.

Stadnamnloven har ingen reglar om namnsetjing, men val av bruksnamn er mellom anna regulert i delingsloven § 5–3 andre ledd. Eit utval har foreslått at denne regelen ikkje skal vidareførast, jf. NOU 1999:1 Lov om eiendomsregistrering. Lovarbeidet er omtala i St.meld. nr. 30 (2002–2003) om «Norge digitalt» kap. 9.3.

5.2 Forslag i høyringsnotatet

70 % av dei som svara på spørjeundersøkinga i 1997, meinte at loven burde innehalde reglar om namnevern og namnsetjing av omsyn til kulturminnevernet. Dei som svara nei, såg ikkje dette som eit aktuelt problem.

Departementet foreslo i høyringsnotatet ei føresegn om namnevern og namnsetjing som ny § 3. Formålet med dei nye reglane er å ta vare på eksisterande namnetradisjonar og samtidig sikre at gamle namn ikkje urettmessig blir brukte i kommersiell verksemd, t.d. ved at eit kjent namn blir brukt på ein ny stad som ikkje har tilknytning til det opphavlege namneobjektet, t.d. for å auke marknadsverdien til den nye staden. Elles må det visast varsemd ved bruksnamn med omsyn til eigarens/festarens ønske og rettar.

5.3 Høyringsfråsegner

I høyringsfråsegnene til evalueringsrapporten og høyringsnotat er det stor tilslutning til forslaget om reglar om namnevern og namnsetjing. Både *Statens kartverk* og *Klagenemnda for stadnamnsaker* har peika på at det er merkeleg at ei lov som mellom anna har til formål å ta vare på stadnamn som kulturminne, ikkje har reglar om dette. Gamle stadnamn blir borte ved at dei blir skifte ut med nye og «betre» namn, og gamle namn bør ikkje takast i bruk i kommersiell samanheng.

I lov 7. juni 2002 nr. 19 om personnavn (navneloven) blir det i § 4 nr. 8 vist til delingsloven § 5–3 andre ledd. Denne regelen er vurdert oppheva, og *Justisdepartementet* har derfor bedt Kultur- og kyrkjedepartementet formulere § 3 bokstav a i stadnamnloven slik at paragrafen samsvarar med delingsloven § 5–3 andre ledd. Dette inneber ikkje noka stor endring i den foreslåtte formuleringa i høyringsnotatet.

5.4 Departementets vurdering og forslag

Etter departementets syn er det usikkert om mangelen på reglar om namnevern og namnsetjing i praksis utgjør ein trussel mot stadnamn som kulturminne eller på annan måte er eit problem av noko omfang. Det er likevel eit samrøystes ønske frå det namnefaglege miljøet, frå klagenemnda, Kartverket og fleire kommunar om slike føresegner, og departementet foreslår derfor at dei blir tekne inn i loven.

Departementet er samd i Justisdepartementets forslag om å endre føresegna, slik at ho samsvarar med delingsloven § 5–3 andre ledd, og foreslår på bakgrunn av dette ei ny formulering av § 3 bokstav a. Føresegna høver sakleg godt i stadnamnloven og den tilsvarande føresegna i delingsloven er ikkje foreslått vidareført i forslag til ny lov om eigedomsregistrering, jf. utgreiinga om ny lov om eigedomsregistrering.

Ordlyden i bokstav a er endra noko i forhold til forslaget i høyringsnotatet. Departementet har teke utgangspunkt i delingsloven § 5–3 andre ledd, men har endra føresegna slik at ho samsvarar med Justisdepartementets forslag. Føresegna lyder no:

Eit stadnamn kan som hovudregel ikkje takast i bruk på ein stad der det tradisjonelt ikkje høyrer heime når

a) er i bruk som etternamn og er verna

Navneloven § 4 nr. 8 må dessutan endrast, slik at han no viser til stadnamnloven § 3 bokstav a.

I rapporten vart det foreslått at det også skulle takast inn ein regel om at ein ved namnsetjing av

nye namneobjekt i størst mogleg grad skulle følgje
namneskikken på staden. Dette er ei viktig ret-

ningslinje, og ein omtale av denne er teken inn i
merknaden til paragrafen.

6 Reglar om skrivemåten

6.1 Gjeldande reglar

I § 4 er hovudprinsippa for fastsetjing av skrivemåte fastsett:

Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk, og for finsk for finske stadnamn i Nord-Noreg. Så langt det er rimeleg, gjeld dette også for namn med utdøydd eller ukla- re språkelement, heiter det i merknaden til paragrafen. Der står det også at ein ved fastsetjing av skrivemåten som hovudregel skal nytte den rettskrivning som høver best med uttalen på staden.

Det skal takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Det vil seie den uttalen som er munnleg overlevert innanfor ein brukarkrins, m.a.o. den uttalen som har vore vanleg på staden, og som framleis er i bruk. I § 1–1 i forskrifta heiter det «i levande bruk». Frå dette utgangspunktet skal ein velje ei hovud- eller sideform i den målforma som høver best med uttalen. Når særlege omsyn talar for det, kan det leggjast vekt på etymologiske former (Ot.prp. nr. 66 for 1988–89 s. 10). I proposisjonen er det også lagt til grunn at den praktiske hovudfunksjonen stadnamn i offentleg bruk har, er å identifisere bestemte stader på ein eintydig og opplysande måte. Skriftpåverka namneformer er også ein del av norsk namnetradisjon.

Når særlege grunnar talar for det, kan skrivemåten avvike frå gjeldande rettskrivingsprinsipp. Det er ikkje meininga å gi att alle lokale målførevarianter, men halde seg til visse hovudtypar i lyd- og formverk, og leggje større vekt på regionale enn lokale målmerke.

I merknadene er det også uttala at finske stadnamn på Austlandet kan tilpassast norske rettskrivingsprinsipp.

Forskrifta (særleg kap. II) gir detaljerte reglar for skrivemåten av norske, samiske og finske namn. Desse reglane må vurderast på nytt når lovendringane er vedtekne. Det er likevel nokre av desse særreglane som må drøftast her: primærfunksjon, og nedervd uttale eller lokal talemålsform. Desse punkta er drøfta i høyringsnotatet, og fleire høyringsinstansar har uttala seg om dei.

6.2 Forslag i høyringsnotatet

6.2.1 Lokal talemålsform

I § 4 første ledd er det foreslått at det ved fastsetjing av skrivemåten skal takast utgangspunkt i den lokale talemålsforma av namnet. Mange faktorar må vurderast når skrivemåten for eit stadnamn skal fastsetjast, fordi det er tale om ein skrivemåte som skal fungere i praksis på mange felt i eit moderne samfunn med behov for høgt presisjonsnivå og eintydig utforming. Ein skrivemåte som er fastsett etter denne loven, treng ikkje påverke vitskapleg namnearbeid, namnesamlingar, bygdebøker eller privat bruk av namnet.

Desse momenta er særleg viktige i normeringsarbeidet:

- uttale på staden gjennom tidene der denne er kjend
- noverande og tidlegare skriftformer i offentleg bruk
- ei eller fleire skriftformer for same namn på same lokalitet/namneobjekt gjennom tidene
- kva for omsyn det skal leggjast mest vekt på

Departementet foreslo i høyringsnotatet at «den nedervde lokale uttalen» skulle endrast til «den lokale talemålsforma», dvs. den uttalen som er i allmenn bruk blant folk som bur fast på staden. I konkrete namnesaker må det påvissast kva som er den lokale talemålsforma, og om det finst fleire uttaleformer. Dersom fleire uttaleformer er i allmenn bruk, skal det takast utgangspunkt i den uttalen som har lengst tradisjon på staden.

Også skriftpåverka namneformer og nyare namneformer er ein del av norsk namnetradisjon. Dersom slike former er i bruk lokalt, og lokalsamfunnet identifiserer seg med dei, må det leggjast vekt på det, heiter det i Ot.prp. nr. 66 (1988–89), og departementet meiner at dette framleis må gjelde. Det er ikkje berre munnleg overleverte namneformer som er kulturminne. I boka Innføring i stadnamn. Innsamling og gransking (Oslo 1997, s. 277) skriv førsteamanuensis og medlem av klagenemnda Peter Hallaråker m.a. følgjande:

«Stadnamna har i generasjonar vore framstelte først og fremst som munnleg tradisjon. Etter

mitt skjønn har dette ført til ei delvis misvisande oppfatning av stadnamna som kulturminne. Heilt frå mellomalderen har vi nemleg hatt både ein munnleg og ein skriftleg stadnamntradisjon. Det er eit historisk faktum at frå den dagen norske stadnamn, t.d. gardsnamn, vart skriftfeste, vart dei ein viktig del av vår skriftrradisjon. Denne skriftrradisjonen fekk høg sosial posisjon, ikkje berre fordi skriftrradisjonen generelt hadde høgare prestisje enn den munnlege tradisjonen, men like mykje fordi dei namna som først vart skriftfeste, var namn på grunnleggjande økonomiske og sosiale einingar i samfunnet, t.d. slektsgardane og administrative einingar.»

6.2.2 Primærfunksjon

I § 4 andre ledd er det foreslått at skrivemåten for namnet i primærfunksjonen skal vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane når namnet er brukt om fleire namneobjekt på same staden. Med primærfunksjon er meint namnet på den staden namnet opphavleg vart brukt om, t.d. eit fjell, ei elv, ein gard. Skrivemåten for dette namneobjektet må derfor fastsetjast først. Regelen må praktiserast med forstand slik at resultatata ikkje blir urimelege, og det er naturleg å sjå dei ulike namneobjekta i samanheng i prosessen. Det er ein føresetnad at den lokale talemålsforma er den same i dei ulike funksjonane, og at det ikkje er andre grunnar som tilseier ulike skriftformer.

6.3 Høyringsfråsegner

Av 87 innkomne høyringsfråsegner er det 25 som ønskjer å halde fast ved formuleringa «nedervd lokal uttale». Nokre av desse er språklege instansar som *Norsk språkråd, universiteta i Oslo, Trondheim og Tromsø, Namnekonulenttenesta for norske stadnamn, Samarbeidsnemnda for namnegransking, Noregs Mållag* og dessutan 16 av 37 kommunar. Språkrådet har ikkje grunnigitt sitt standpunkt. Dei andre grunngir sitt syn med at det er denne formuleringa som best ivaretek kulturminneomsynet. Samarbeidsnemnda skriv t.d. at den nedervde uttalen dekkjer ein hovudintensjon med normering som har lege fast sidan 1913: at skrivemåten skal byggje på dialekten på staden, i den form denne har som ei vidareføring av uttalen i tidlegare generasjonar. Både Samarbeidsnemnda, Namnekonulenttenesta, universiteta i Oslo og Tromsø og Noregs Mållag opnar likevel for at det kan heite «tradisjonell lokal uttale», og *Klagenemnda for stadnamnsaker* uttalar at dersom det er to uttaleformer på ein stad, må det takast utgangspunkt i den tradisjonelle forma.

12 av høyringsinstansane er for å endre nedervd lokal uttale til lokal talemålsform; dei fleste av desse er kommunar, dessutan *Høgskolen i Stavanger, Statens kartverk, Riksmålsforbundet, Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur* og *Bokmålsforbundet*. 50 av høyringsinstansane nemner ikkje dette spørsmålet.

Ingen av høyringsinstansane har uttala seg mot forslag om at skrivemåten for namnet i primærfunksjonen skal vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane.

6.4 Departementets vurdering og forslag

Departementet er ikkje utan vidare samd i at lokal talemålsform som utgangspunkt for skrivemåte for eit stadnamn i bruk av det offentlege vil svekkje namnet som kulturminne. Kulturminneaspektet ved eit stadnamn er noko anna og meir enn ein bestemt uttale; det er namnet som heilskap, i konteksten, i språkleg utvikling, med tyding og innhald og bruk. Den såkalla nedervde uttalen, i andre samanhengar kalla den genuine uttalen, er heller ikkje eit eintydig omgrep. Den uttalen som ein finn i eit lokalsamfunn i dag, er også eit resultat av ei naturleg språk- og samfunnsutvikling. Offentleg bruk av stadnamn er med på å bevare namna, dei skal ha ei form som klargjer tydinga der denne er kjend, dei skal ha ei form som eigar og festar for bruksnamn og heile lokalsamfunnet for andre namn kjenner seg att i og trivst med, og dei skal fungere best mogleg i ein praktisk samanheng i eit moderne samfunn.

Departementet held derfor fast ved å endre «den nedervde lokale uttalen» til «den lokale talemålsforma». Departementet er samd med klagenemnda, Samarbeidsnemnda og universiteta i Oslo og Tromsø i at det skal takast utgangspunkt i den uttalen som har lengst tradisjon på staden når skriftform skal fastsetjast. Dette er presisert i merknadene til § 4 i lovendringsforslaget.

Det er vidare teke omsyn til at også skriftpåverka namneformer og nyare namneformer er ein del av norsk namnetradisjon, og i merknadene til § 4 andre ledd i lovendringsforslaget heiter det at når «skriftforma har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, eller at det knyter seg sterke interesser til denne skriftforma, t.d. av økonomisk karakter», kan det vere særleg grunn til å fråvike gjeldande rettskrivingsprinsipp.

7 Saksbehandlingsreglar for fastsetjing av skrivemåte

7.1 Gjeldande reglar

Etter gjeldande reglar blir ei sak i løpet av første-gongsbehandlinga send minst fem gonger mellom dei ulike ledda:

- namnesak blir teken opp med eller av vedtaksorganet, jf. § 6, som
- sender saka til namnekonsulenttenesta, som
- sender saka til vedkomande kommune og eventuelle andre vedtaksorgan med førebels tilråding
- kommunen innhentar fråsegner frå eigar/festar/lokal organisasjon, gir sjølv fråsegn i saka og sender den tilbake til namnekonsulenttenesta som
- sender si endelege tilråding til vedtaksorganet, som
- fastset skriftform og sender melding om vedtaket til vedkomande kommune som skal kunngjere det, til SSR, namnekonsulenttenesta og andre relevante offentlege organ dersom namnet er brukt om fleire namneobjekt

Dersom kommunen er vedtaksorgan, blir dette noko enklare.

Dersom eit stadnamn blir brukt i fleire funksjonar, t.d. som naturnamn, bruksnamn eller sokne-namn, er hovudregelen at namnet skal ha same skriftform i alle funksjonane. Det kan likevel gjerast unntak når særlege grunnar talar for det. Alle aktuelle vedtaksorgan etter § 6 tredje ledd skal delta i behandlinga av saka, noko som fører til meirarbeid og auka tidsbruk. Etter § 7 skal alle namnesaker behandlast likt.

7.2 Forslag i høyringsnotatet

I høyringsnotatet er det foreslått at reglar om fastsetjing av skrivemåten skal regulerast i § 5 og nær-mare reglar om saksbehandling blir fastsette i § 6. Saksgangen vil etter forslaget ikkje innehalde vesentleg færre ledd, men sjølve saksbehandlinga vil vere forenkla:

- Namnesak blir teken opp med vedtaksorganet, som etter forslaget i hovudsak vil vere ein kom-

mune eller Statens kartverk. Eventuelle andre vedtaksorgan skal varslast som no.

- Kommunen vil anten ha vedtaksrett eller uttalerett for alle namn i kommunen og skal dessutan som tidlegare syte for at alle i kommunen som har rett til å uttale seg, blir varsla og får uttale seg. Gjeld saka eit bruksnamn som fell saman med eit nedervd stadnamn, skal eigar/festar tilskrivast direkte med frist for å kome med merknader. Alle som har namnet som heile eller ein del av bruksnamnet sitt, har uttalerett.
- Kommunen sender alle fråsegner til namnekonsulenttenesta saman med si eiga fråsegn.
- Namnekonsulenttenesta gir tilråding om skrivemåten til vedtaksorganet, som så fastset skrivemåten. Dersom saka gjeld eit stadnamn med fleire funksjonar, skal skrivemåten i primærfunksjonen fastsetjast først.
- Vedtaket skal sendast til SSR, vedkomande kommune/fylkeskommune og namnekonsulenttenesta. Kommunen skal sende melding direkte til eigar/festar i saker som gjeld namn på eige bruk, ev. saman med opplysningar om klagerett og klagefrist. Namnevedtak elles skal kunngjerast som kommunale vedtak.
- Dersom ei sak blir vurdert til å vere særleg innfløkt, kan det innhentast førebels tilråding frå namnekonsulentane.

Kommunane skal fastsetje skrivemåte for namn på tettstader, grender, bydelar, gater, vegar, torg, bustadfelt mv., og namn som skal brukast som offisiell adresse etter § 4–1 i delingsloven.

Fylkeskommunen gjer vedtak om skrivemåte for namn på fylkeskommunale anlegg. Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten for andre stadnamn dersom ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift, og for alle namn i statleg samanheng. Talet på vedtaksorgan blir etter dette redusert til kommune, fylkeskommune, Statens kartverk og dei som etter lov eller forskrift skal fastsetje skriftformer, t.d. for namn på kommunar eller kyrkjesokn. «Kommunestyret eller den det gir fullmakt» og «Fylkestinget eller den det gir fullmakt» er foreslått endra til høvesvis «kommunen» og «fylkeskommunen».

Det kan gjerast samlevedtak for korleis eit nam-

neledd skal skrivast innanfor eit administrativt område eller eit dialektområde, t.d. seter/sæter eller tjørn/tjern.

Forenklingar

Forskjellane og dermed innsparingane vil etter framlegget liggje i

- at det blir færre vedtaksorgan, som også skal samordne saksbehandligna
- at Statens kartverk skal vere vedtaksorgan i statleg samanheng
- at det til vanleg berre vil vere *ei* tilråding frå namnekonsulentane
- at berre eigar/festar skal tilskrivast direkte
- at samlevedtak gjer at det ikkje må reisast namnesak for alle namn

7.3 Høyringsfråsegner

Generelt er alle høyringsinstansane positive til forenklingar i saksbehandligna. Nokre ønskjer at forenklinga skulle gå lenger, som *Karmøy* og *Kristiansand*, som meiner at kurante saker må kunne behandlast på ein enklare måte. Alle som har uttala seg, er samde i at Statens kartverk skal fastsetje skrivemåten for alle namn i statleg samanheng.

Fleire instansar, deriblant *dei historisk-filosofiske fakulteta ved universiteta i Trondheim og Tromsø* og *Namnekonsulenttenesta for norske stadnamn* meiner det er viktig at namnekonsulenttenestene er med frå starten i namnesaker, slik at høyringsinstansane får ei førebels tilråding frå namnekonsulentane som før. Dei vil då ha noko konkret å ta stilling til i problematiske saker.

I forslaget til § 6 første ledd foreslo departementet at synspunkta til eigar eller festar skulle tilleggast særleg vekt ved fastsetjing av skriftform for gards- og bruksnamn. Nokre høyringsinstansar er svært usamde i dette, deriblant *Samarbeidsnemnda for namnegransking*, *Namnekonsulenttenesta for norske stadnamn*, *Klagenemnda for stadnamnsaker* og *Noregs Mållag*. *Norsk språkråd* meiner at forslaget må presiserast nærmare i forskrifta. Hovudinnvinginga er at dette vil svekkje kulturminnevernet. Stadnamn, også gards- og bruksnamn, er felleseige, ikkje privat eigedom, og eigarar er ofte for opptekne av skrivemåten av slektsnamnet til å ta til-

strekkeleg omsyn til kulturminnevernet, blir det hevda.

Samiske og kvenske institusjonar og organisasjonar har i sine høyringsfråsegner gjort merksam på at det for samiske og kvenske namn gjeld spesielle tilhøve: i mange tilfelle er det ukjent eller uklart om det finst samiske eller kvenske namn, og det er namnekonsulenttenesta som må undersøkje dette. Dei må også gi tilråding til høyringsinstansane fordi det ikkje er kompetanse i desse språka rundt i vedtaksorgana. Vidare ønskjer dei at også organisasjonane framleis må få tilsendt saker direkte. Kunngjering i aviser er for usikkert for desse namna.

7.4 Departementets vurdering og forslag

Det er semje om dei fleste føresegnene i forslaget til §§ 5 og 6. Usemja gjeld om synspunkta til eigar/festar skal tilleggast særleg vekt når ønsket deira elles er innanfor rammene til regelverket. Departementet har forståing for innvinginga – det er viktig med vern av stadnamna som kulturminne – men vil likevel leggje til grunn at namn på privat eigedom ikkje berre er offentleg felleseige; dei er ofte svært viktige for eigaren og slekta hans både personleg og kulturelt. Departementet meiner vidare at når det er teke atterhald om at skrivemåten skal liggje innanfor regelverket, er kulturminneomsynet ivareteke. Namna blir heller ikkje borte om dei får ein annan skrivemåte enn den som følgjer av ein bestemt uttale. Departementet meiner likevel at det ikkje er tungtvegande grunnar som talar for at synspunkta til festaren skal tilleggast særleg vekt, og foreslår at denne føresegna berre skal gjelde eigaren.

For samiske og kvenske stadnamn må sakene først sendast til namnekonsulentane. Då det i mange tilfelle er ukjent eller uklart om det finst samiske eller kvenske namn, og det er namnekonsulenttenesta som må undersøkje dette, og det er dei som kan gi råd til instansar som skal uttale seg, må dei kome med i saka frå starten av. Samiske og kvenske organisasjonar må også få tilsendt saker direkte slik dei har bedt om. Dette må det takast inn reglar om i forskrifta.

8 Gjenopptaking

Gjeldande regelverk har ingen føresegner om gjenopptaking av saker. Når departementet i høyringsnotatet har foreslått å ta inn ein slik regel som ny § 7, er det for å gi ein enkel tilgang til ny behandling av ei sak dersom det kjem fram nye opplysningar som vil kunne påverke vedtaket. Som eksempel på slike opplysningar kan nemnast nye moment som går på t.d. uttale, bruk, saksbehandlingsfeil, alder på namnet eller primærfunksjon. Det vil kort sagt seie moment det ved behandling av stadnamnsaker skal takast omsyn til ved vurdering av skrivemåte. Det vil særleg vere aktuelt ved regelendrin-

gar, men også i andre tilfelle. Regelen er ikkje meint som ein heimel for ny klageadgang. For at ei sak skal kunne takast opp på nytt, må det vere klart at opplysningane som dannar grunnlag for gjenopptakinga, ikkje vart vurderte førre gongen saka var oppe.

Universitetet i Tromsø ønskjer ei presisering av kva for type opplysningar som må liggje til grunn for å få saka opp til ny behandling. Dette er presisert ovanfor. Utover denne kommentaren hadde ingen av høyringsinstansane merknader til dette forslaget.

9 Særskilde reglar om gards- og bruksnamn

9.1 Gjeldande reglar

Eigar eller festar fastset skrivemåten for bruksnamn som ikkje språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som skal brukast av det offentlege, og som derfor kjem inn under stadnamnloven.

Skrivemåten av slike namn blir fastsett etter reglane i §§ 4 og 6, og det er Statens kartverk som er vedtaksorgan. Skrivemåten for gardsnamn er ikkje nemnd.

9.2 Forslag i høyringsnotatet

Første ledd i forslaget til § 8 gjeld fastsetjing av namn, andre og tredje ledd gjeld skrivemåte. Det nye i denne paragrafen er føresegna i første ledd om at eigar eller festar ikkje kan endre eller byte ut bruksnamn som kjem inn under andre ledd, dersom ikkje særlege grunnar talar for det. Bakgrunnen for dette er at desse bruksnamna er blant dei eldste i landet, og derfor treng eit særleg vern som kulturminne.

Særlege grunnar etter denne paragrafen vil vere samanfallande med særlege grunnar etter § 3 Namnevern og namnsetjing andre ledd. Andre ledd tilsvarar andre ledd i gjeldande lov.

9.3 Høyringsfråsegner

Berre *Statens kartverk* hadde merknader til denne paragrafen. Kartverket meiner det er uklart om føresegnene i første og andre ledd gjeld namnsetjing eller fastsetjing av skrivemåte. Dette må derfor gjerast tydelegare. Paragrafen gjeld både gards- og bruksnamn, og Kartverket foreslår derfor at andre ledd første punktum bør lyde «Skrivemåten av gards- og bruksnamn som språkleg og geografisk ...». Vidare bør overskrifta til paragrafen endrast til «Særskilde reglar om gards- og bruksnamn».

9.4 Departementets vurdering og forslag

Det er ofte gardsnamnet som har størst interesse for det offentlege fordi det i mange tilfelle er namnet i primærfunksjonen som har gitt namn til andre lokalitetar/namneobjekt, særleg bruk, men også tettstader, byggjefelt, vegar m.v., dvs. namn som skal brukast på kart og skilt, i adresser osv.

Gardsnamnet vil ofte vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamna, og departementet foreslår derfor å endre ordlyden i paragrafen tilsvarende. Første ledd gjeld namnsetjing, og andre til fjerde ledd gjeld skrivemåten.

10 Reglar om bruk av stadnamn

10.1 Gjeldande reglar

I § 3 første ledd er det fastsett at når skrivemåten for eit stadnamn er fastsett i samsvar med loven og ført inn i SSR (Sentralt stadnamnregister), skal han brukast i all offentleg samanheng. Etter andre ledd skal samiske og finske namn som er i bruk av folk på staden, til vanleg brukast av det offentlege på kart, skilt i register m.v. saman med eventuell norsk namneform.

Paragraf 6 siste ledd fastset at offentlege organ og andre som er nemnde i § 6 første ledd bokstav a, skal halde fram med å bruke namneformer som er i bruk når loven blir sett i verk, til det eventuelt blir gjort endringsvedtak etter reglane i loven.

10.2 Forslag i høyringsnotatet

Erfaringa viser at mange offentlege organ ikkje tek i bruk dei fastsette skriftformene. I forslaget til ny § 9 første ledd er det derfor teke inn ei føresegn om at alle organ for stat, fylkeskommune, kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut, av eige tiltak skal ta i bruk fastsette skriftformer. Klage over manglande bruk av vedtekne skriftformer eller feilaktig bruk av stadnamn skal rettast til overordna departement. (Sjå kap. 11 om klage.)

Andre ledd inneheld elles særlege reglar for samiske og kvenske namn. I gjeldande reglar § 3 andre ledd (i lovendringsforslaget vidareført i § 9 andre ledd) er det fastsett at samiske og finske namn «som blir nytta blant folk på staden» til vanleg skal brukast av det offentlege. I høyringsnotatet er dette foreslått endra til «som blir nytta blant folk som bur fast på staden».

I utkastet er det vidare foreslått at det skal gjerast samtidig vedtak for parallellnamn på norsk, samisk og kvensk. Siste ledd i § 9 tilsvarar siste ledd i § 6 i gjeldande lov.

10.3 Høyringsfråsegner

Sametinget, Nordisk samisk institutt og Faggruppa for Norsk senter for kvænsk språk og kultur foreslår at departementet skal fastsetje skriftform dersom

ikkje vedtaksorganet har gjort dette etter to år (Sametinget) eller etter endeleg tilråding og purring. Dette tyder på at det ligg uavslutta saker rundt i vedtaksorgana.

Når det gjeld forslaget om at det er namn som blir nytta av folk som bur fast på staden som skal brukast, går dei samiske og kvenske høyringsinstansane, *Klagenemnda for stadnamnsaker og Universitetet i Tromsø* mot dette fordi t.d. folk i rein-driftsnæringa og fiskarar i så fall vil falle utanfor. Mange samiske namn vil falle bort, uttalar Sametinget. Sametinget og Faggruppa foreslår formuleringa «... som bur fast på staden eller brukar namnet av gammal sedvane, bør ...». Dei som driv eller har drive næringsverksemd på staden, er legitime, viktige kulturberarar, uttalar Sametinget. Klagenemnda foreslår formuleringa «... som er i allmenn bruk av folk som har tradisjonell tilknytning til staden gjennom busetnad eller årvisst næringsverksemd ...».

I utkastet var det foreslått at det skulle gjerast samtidig vedtak for parallellnamn på norsk, samisk og kvensk. Dei same høyringsinstansane har peika på at dette er uklokt: det vil ofte kunne ta tid å fastslå om det finst parallellnamn, og desse må behandlast av dei respektive namnekonsulenttenestene, jf. også ovanfor om to tilrådingar. Regelen må derfor endrast til at det skal reisast samtidig namnesak for alle parallellnamn. Dei tre namnekonsulenttenestene må samarbeide i desse sakene.

Fleire av høyringsinstansane peikar på at det trengst særlege retningslinjer for administrative namn på samisk og kvensk. Slike namn inneheld oftast ein stadnamndel og eitt ord for bruk, som skole eller naturpark, dvs. ein utmerkingsdel. På samisk og kvensk må det her kunne brukast bøyingsformer.

10.4 Departementets vurdering og forslag

Når det gjeld forslaget om samtidig behandling av parallellnamn på norsk, samisk og kvensk, viser høyringsfråsegnene at dette ikkje var vel gjennomtenkt, og føresegna er endra til at det skal reisast samtidig namnesak.

På bakgrunn av høringsfråsegna er § 9 andre ledd endra. Samiske og kvenske stadnamn skal brukast av det offentlege dersom dei er nytta av folk som bur fast på staden, eller har næringsmessig tilknytning til han.

Forslaget om at departementet skal gjere namnevedtak dersom ikkje rett vedtaksorgan har gjort dette innan rimeleg tid etter endeleg tilråding og purring, er ikkje gjennomførleg. Departementet foreslår her at det i slike tilfelle kan klagast til klagenemnda, som kan gjere vedtak på bakgrunn av kla-

ga. Føresegn om dette er foreslått teken inn i nytt første ledd i § 10 Klage.

Forslaget om endring av finsk til kvensk gjeld for kvenske stadnamn i Nord-Noreg.

Fleire av høringsinstansane peika på at det trengst særlege retningslinjer for administrative namn på samisk og kvensk. Desse namna inneheld ofte ein stadnamndel og ein utmerkingsdel for bruk, t.d. for naturpark eller skole. På samisk og kvensk kan det her brukast bøyingsformer, og departementet vil kome tilbake til dette i forskrifta.

11 Reglar om klage

11.1 Gjeldande reglar

Etter § 8 andre ledd i stadnamnloven skal saksbehandlinga i klagesaker vere den same som i førstegongsbehandlinga fram til behandling i klagenemnda.

Vedtak kan påklagast av dei som etter § 6 første ledd bokstav a til c har rett til å reise namnesak. Klageretten gjeld alle vedtak med unntak av vedtak gjorde av Kongen og Stortinget. Klager på andre vedtak enn dei som er gjorde av eit departement, skal behandlast av ei klagenemnd oppnemnd av Kongen. Oppnemninga av klagenemnda er delegert til departementet ved Regjeringas res. av 4. juli 1991.

11.2 Forslag i høyringsnotatet

Fordi saksbehandlinga er lik i førstegongsbehandlinga og i klagebehandlinga, vil forenklingane i førstegongsbehandlinga få følgjer i begge omgangane. Klager på vedtak om skrivemåte skal som tidlegare stilast til vedtaksorganet, som, dersom det ikkje gjer om vedtaket sitt, skal sende saka til klagenemnda med kopi til klagaren.

I høyringsnotatet er det foreslått fleire endringar i paragrafen, tidlegare § 8 no § 10. I første ledd er det foreslått at klager skal grunngivast. No er det i mange tilfelle uklart eller ukjent kva klaga gjeld og byggjer på. Dette kan føre til at dei synspunkta og argumenta klagaren måtte ha, ikkje blir vurderte av klageorganet. Konklusjonen blir då ofte at det ikkje har kome fram nye moment i saka. For at klagaren skal kunne grunngi klaga si, må vedtaksorganet kunne oppgi dei momenta vedtaket er bygt på.

Også klager som ikkje er grunngitte, vil måtte behandlast, men det er ein føresetnad for realitetsbehandlinga at klaga blir grunngitt på oppfordring. Dersom klaga heller ikkje då blir grunngitt, kan ho avisast som ugrunna.

Departementet foreslo også i høyringsnotatet at lokale organisasjonar ikkje lenger skulle ha klagerett. Forslaget var eit av tiltaka som skulle få ned talet på klagesaker; ofte kan organisasjonane vere einaste klagar når alle andre er samde.

Samiske stadnamnsaker er overførte til Same-

tinget frå 1. januar 2003, og Sametinget er derfor gitt høve til å uttale seg i prinsipielle saker. Same retten har departementet og det organet som vil kome i staden for Norsk språkråd. Det er ikkje i dag eit tilsvarande organ for kvensk.

11.3 Høyringsfråsegner

Alle som har uttala seg om grunngiving av klager, støttar forslaget.

Fleire høyringsinstansar er mot at lokale organisasjonar ikkje lenger skal ha klagerett, t.d. *Norsk språkråd, Universitetet i Tromsø og Namnekonsulenttenesta for norske stadnamn*. Dei peikar på det uheldige i at det då berre vil vere eigar/festar for bruksnamn og offentlege organ som vil ha klagerett. Lokale organisasjonar vil ofte sitje inne med stor kunnskap om stadnamna i eit lokalsamfunn. Ingen av kommunane har kommentert forslaget. *Statens kartverk og Klagenemnda for stadnamnsaker* støttar forslaget som eit av forenklingstiltaka.

11.4 Departementets vurdering og forslag

Departementet er samd i at lokale organisasjonar med særleg tilknytning til stadnamnet også skal ha klagerett. Dette er ei naturleg følgje av retten til å ta opp namnesak. Har dei ikkje klagerett, vil det berre vere eigar/festar og det offentlege som kan klage, slik fleire høyringsinstansar har peika på. Ved at lokale organisasjonar med særleg tilknytning til stadnamnet får klagerett, får innbyggjarane større innverknad over dei lokale stadnamna. Departementet foreslår derfor ei føresegn der klageretten er noko utvida i forhold til høyringsnotatet.

Forslaget om at klager skal grunngivast, blir halde oppe. Dette vil sikre at dei synspunkta og merknadene klagaren har, blir vurderte av klageinstansen.

Departementet foreslår også ei klargjering av kven som skal behandle klager over feil bruk eller manglande bruk av vedteken skriftform, eller over at det ikkje blir gjort vedtak innan rimeleg tid etter at saka er ferdigbehandla. I det første tilfellet er det

naturleg at overordna organ er klageinstans, mens det er klagenemnda for stadnamn som fagorgan som er klageinstans når det ikkje blir gjort vedtak om skrivemåte. Desse problemområda var ikkje tekne med i høyringsnotatet, men røynsler gjennom dei åra loven har verka, har vist at det er behov for ei avklaring.

Departementet finn det ikkje nødvendig at leia-

ren av klagenemnda må ha høgsterettsdommars kompetanse, slik ordninga har vore til no, men finn det nødvendig at leiaren har god juridisk kompetanse. Departementet foreslår derfor at leiaren må ha dommarkompetanse slik denne er definert i § 54 andre ledd i domstolsloven. Om samansetjing av klagenemnda, sjå merknaden til § 10 nedanfor.

12 Andre problemstillinger

12.1 Stadnamnkonsulentane

I samband med oppretting av budsjettposten «Samiske kulturformål» i 2002 vart ei rekkje oppgåver overførte til Sametinget, mellom anna namnekonsulenttenesta for samiske stadnamn. Også tilsetjing av sekretær for tenesta og oppnemning av konsulentar vart overført. For at lovteksten skal vere i samsvar med den faktiske situasjonen, er paragrafen endra.

Skogfinnane foreslår i si høyringsfråsegn at det skal vere ei konsulentteneste også for dei finske namna i Sør-Noreg. Namnekonsulentane er engasjerte på timebasis, og departementet vil vurdere nærmare om det også skal engasjerast ein namnekonsulent for desse namna.

12.2 Stadnamnregisteret (SSR)

Då loven vart sett i verk, vart det oppretta eit sentralt stadnamnregister ved Statens kartverk. Alle namnevedtak skal meldast inn til registeret av det organet som gjer vedtaket. For at Kartverket skulle få dekt nokre av utgiftene til informasjon (i tydinga marknadsføring av registeret), uttak og distribusjon frå Sentralt stadnamnregister, foreslo departementet å innføre gebyr for utskrifter, kopiar eller direkte tilknytning til registeret. Kostnadene til informasjon skulle trekkjast frå i prisen når namna skulle brukast i arbeid med forvaltningsoppgåver som følgjer av stadnamnloven, eller i forskning og undervisning, slektsforskning og skrivning av bygdebøker. Det ville berre bli kravt gebyr ved 50 eller fleire namn.

Fleire høyringsinstansar har reagert negativt på dette forslaget. Særleg er kommunane skeptiske; *Hornindal, Kristiansand, Sarpsborg, Tromsø* og dei ni kommunane i *Regionrådet for Nord-Hordland* ønskjer alle at opplysningar frå SSR skal vere gratis. *Justisdepartementet* foreslår at det bør vurderast å gjere SSR, heile eller delar av det, allment og gratis tilgjengeleg på Internett.

Miljøverndepartementet og *Statens kartverk* peikar dessutan i si høyringsfråsegn på at sidan registeret er oppretta, bør det kome til uttrykk i para-

fen, og ordlyden i forslag til § 12 er endra i samsvar med dette.

Mykje har endra seg gjennom den teknologiske utviklinga sidan det først var på tale å ta inn ei føresegn om gebyr for uttak frå SSR. I mellomtida er stadig meir gjort tilgjengeleg på nettet, og meir vil innan kort tid kome til, og Internett er no tilgjengeleg for fleire.

Alle lovlege skrivemåtar av stadnamn som ligg i SSR, er i dag tilgjengelege gjennom Internett-tenesta «Norgesglasset», som finst på heimesida til Statens kartverk, (www.statkart.no) eller som lekkje under heimesida til namnekonsulentane (www.stadnamn.org). Denne tenesta omfattar skrivemåtar som er godkjende (som var i offentleg bruk før loven vart sett i verk), eller som er vedtekne etter loven. Også ein del «private» namn ligg der, dvs. namn som er fastsette av privatpersonar eller firma.

Den geografiske infrastrukturen «Norge digitalt», jf. St.meld. nr. 30 (2002–2003), vil gi dei offentlege organa som blir deltakarar, full tilgang til dei data Kartverket har, inkludert SSR. Deltakarane vil også få tilbod om saksbehandlingsprogrammet SSRSak, som gir full tilgang til alle opplysningar i SSR. Kommunane vil vere viktige deltakarar i «Norge digitalt» og sentrale vedtaks- og høyringsinstansar i saker etter stadnamnloven. «Norge digitalt» er enno på planleggingsstadiet, men det er venta at det vil bli operativt i 2005. Det vil her vere aktuelt å betale ei avgift (etableringskostnad og abonnementsavgift), og for denne får ein tilgang både til SSR og til saksbehandlingsprogrammet SSRSak.

Som foreslått i St.meld. nr. 30 (2002 – 2003) «Norge digitalt», har statsaksjeselskapet Norsk Eiendomsinformasjon (NE) teke over formidlinga av Kartverkets monopolinformasjon, inklusive SSR. Det er NE som no formidlar opplysningar frå SSR. Når «Norge digitalt» er operativt, vil kundemassen vere avgrensa til dei som ikkje er deltakarar.

Då SSR er oppretta, er ordlyden i § 12 endra til at det skal førast eit sentralt stadnamnregister. I siste ledd i paragrafen er det teke inn ein heimel for at departementet i forskrift kan gi reglar om betaling for informasjon frå registeret.

12.3 Regel om unntak

Etter § 11 i gjeldande lov kan departementet i enkelttilfelle gjere unntak frå reglane i loven og forskriftene når særlege grunnar talar for det.

I forslaget til ny § 13 var dette endra til at departementet kan gjere unntak frå loven og forskriftene når særlege grunnar talar for det. Den einaste endringa var altså at «i enkelttilfelle» var teke ut.

Eit par høyringsinstansar, *Universitetet i Tromsø* og *Klagenemnda for stadnamnsaker*, meiner denne formuleringa er for vid. Unntaksregelen må knytast til konkrete føresegner. Departementet er samd i dette, og formuleringa er no teken inn att, slik at ordlyden ikkje er foreslått endra.

Det har berre vore eit par søknader om dispensasjon etter § 11 i stadnamnloven i åra etter at loven tok til å gjelde. Det er likevel viktig at det finst ein dispensasjonsregel på dette saksfeltet som omfattar så mange ulike stadnamn over heile landet, på flei-

re språk, brukt om forskjellige namneobjekt, og der ein ved praktisering av regelverket ofte må bruke skjønn. Det er mogleg å setje inn ein unntaksheimel i mange paragrafar, slik at behovet vil vere dekt. Det synest likevel meir enkelt og tenleg å ha ei føresegn som kan brukast som heimel for dispensasjonssøknad dei få gongene dette er aktuelt. Departementet meiner derfor at den eksisterande formuleringa er dekkjande.

12.4 Forskriftsheimel

I stadnamnloven § 12 (ny § 13) er forskriftsheimelen lagd til Kongen. Heimelen er delegert til Kultur- og kyrkjedepartementet, og endringsforslaget er ei følge av dette. Departementet foreslår derfor at heimelen også i loven blir lagd til departementet.

13 Forholdet til internasjonale konvensjonar

Internasjonale konvensjonar er særleg relevante i forholdet til dei nasjonale minoritetsspråka.

Kommunal- og regionaldepartementet viser i si høyringsfråsegn mellom anna til Europarådets rammekonvensjon for beskyttelse av nasjonale minoriteter og ILO-konvensjon 169 om urfolk. I Europarådets rammekonvensjon blir det understreka at dei nasjonale minoritetane mellom anna har rett til å ha skilt på sitt eige språk. I denne samanhengen blir det vist til Europarådets ministerrådsresolusjon av 8. april 2003, der retten kvenane har til bruk av eigne stadnamn er omtala. I ILO-konvensjon 169, art. 28.3 står det at «Det skal treffes tiltak for å bevare og fremme utviklingen og bruk av de opprinnelige språk for vedkommende folk». Kultur- og kyrkjedepartementet er kjent med at dei same måla og prinsippa er uttrykte i Den europeiske pakt om regions- eller minoritetsspråk, art. 7.

På bakgrunn av desse konvensjonane ber Kommunal- og regionaldepartementet om at det blir teke inn eit tillegg i forslag til stadnamnloven § 1:

«Lova skal særskilt sikre hensynet til samiske og kvænske stadnamn i henhold til nasjonalt lovverk og internasjonale forpliktelser.»

Det har vist seg at offentlege organ ikkje alltid følgjer reglane om fleirspråkleg namnebruk. Kultur- og kyrkjedepartementet er samd med Kommunal- og regionaldepartementet i at samiske og kvænske stadnamn treng eit særleg vern og eit incitament til å ta vare på og nytte dessa namna i samsvar med regelverket. Dette vil også gjelde skogfinske stadnamn. I andre ledd i § 1 i loven er det derfor teke inn ei føresegn som legg vekt på det ansvaret det offentlege har for slike namn. Lovforslaget har ei eiga føresegn om bruk av stadnamn (§ 9), og andre ledd i denne paragrafen skal sikre bruken av samiske og kvænske stadnamn der desse eksisterer og er i bruk blant folk som bur fast på staden eller har næringsmessig tilknytning til staden. Denne siste presiseringa av føresegna er teken inn for å sikre at mellom anna reindriftsamar og fiskarar har rett til å nytte samiske eller kvænske stadnamn på stader dei har næringsmessig tilknytning til.

14 Økonomiske og administrative konsekvensar

Lovendringane medfører ingen store økonomiske og administrative konsekvensar. Dei forslaga som fører til forenklingar i saksgang, færre klagesaker og færre vedtaksorgan, vil gjere at sakene kan gå raskare og smidigare gjennom systemet og slik spare både tid og arbeid, utan at det vil medføre omfattande økonomiske innsparingar i kommunane eller i statsorgana. Til det er sakene altfor spreidde rundt i landet. Kommunane vil etter forslaget fastsetje skriftform for om lag dei same namna som tidlegare. Statens kartverk vil få utvida ansvar for fastsetjing av skrivemåte sidan det er foreslått at dei skal vere vedtaksorgan for all statleg fastsetjing av skriftformer.

Statens kartverk opplyser at det er vanskeleg å vite noko sikkert om talet på vedtak gjorde av andre statlege organ. Ut frå vedtak melde til SSR er det tale om i underkant av 1500 vedtak for heile perioden sidan loven tok til å gjelde. Det er likevel kjent at mange vedtak blir gjorde utan at det blir meldt til SSR, slik at det er grunn til å rekne med at talet er noko høgare. I budsjettet for 2005 foreslo Kartverket ein auke på kr 300 000 til meirarbeid med saksbehandling og del av fellesutgifter i samband med auka vedtakstal, informasjon og meirarbeid med SSR. SSR inneheld no om lag 600 000 stadnamn.

15 Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget

Til § 1 Formål og verkeområde

Første leddet gir intensjonane med loven. Stadnamn er immaterielle kulturminne, og som slike har dei krav på vern. Det er likevel ikkje ei bestemt skriftform som er avgjerande for verdien som kulturminne, eller at denne byggjer på ein bestemt uttale, men at det språkhistoriske, kulturhistoriske og busetjingshistoriske aspektet ved mange av dei, særleg dei eldre, som kastar lys over tidlegare tiders liv og virke, kjem fram. Alle stadnamn kan heller ikkje vernast ved at dei blir tekne i bruk av det offentlege og derfor får ei offisiell skriftform. Mange vil berre finnast i namnesamlingar og bygdebøker. Den skriftforma namna får, skal ikkje skyggje for meiningssinnhaldet, og i dei fleste tilfella er stadnamna samansette av vanlege ord sjølv om uttalen varierer.

Etter *andre ledd* skal loven dokumentere, bevare og synleggjere språkleg og kulturelt mangfald slik dette manifesterer seg i samiske, kvenske og skogfinske stadnamn.

I tillegg til å vere kulturminne har stadnamna ei rekkje daglege funksjonar i privat og offentleg bruk. Den viktigaste funksjonen ved stadnamn i offentleg teneste er å identifisere eit namneobjekt, ein lokalitet, så eintydig som råd – altså ein adressefunksjon. Stadnamna har nedfelt seg i språket gjennom lang tid. Dei fleste har oppstått i talemålet og er overleverte i munnleg form frå generasjon til generasjon. Men mange namn har også ein lang skriftradisjon. Dette gjeld i første rekkje namn på grunnleggjande økonomiske einingar i samfunnet, t.d. gardar (bruk) og administrative einingar.

Tredje leddet gir det saklege verkeområdet. Selskap omfattar både forvaltningsverksemdar og statlege, fylkeskommunale og kommunale verksemdar som det offentlege eig fullt ut. Departementet kan gi forskrift om at lova i særskilte tilfelle også skal gjelde for bruk av stadnamn i selskap som det offentlege ikkje eig fullt ut. Dette vil vere aktuelt for selskap som nyttar stadnamn som eit ledd i ein omfattande publikumskontakt, t.d. Telenor ASA (telefonkatalogar), eller for NSB (stasjonsnamn) og Posten Noreg AS (poststadnamn) dersom desse blir privatiserte. For Stortinget gjeld loven berre for bruk.

Loven gjeld ikkje når private rettssubjekt skriv

stadnamn, bortsett frå når dei fungerer som forvaltningsorgan, jf. § 1 i forvaltningsloven. Når private kartprodusentar lagar kart for det offentlege, pliktar oppdragsgivaren å syte for at kartprodusenten brukar fastsette skriftformer. Tilsvarande gjeld når andre lagar materiale som inneheld stadnamn for eit offentleg organ.

Med læremiddel er her meint trykte læremiddel som dekkjer vesentlege delar av eit fag etter læreplanen for vedkommande klassetrinn eller kurs, og som elevane regelmessig skal bruke.

Fjerde leddet tilsvarar tidlegare § 2 Geografisk verkeområde, men er noko endra. Loven vart ikkje gjort gjeldande for dei områda det her er tale om, på grunn av spesielle faktorar som internasjonale avtalar og traktatar, og omsynet til andre nasjonar. Namnetilfanget i desse områda er også av ein annan og nyare karakter enn namna i Fastlands-Noreg. Dei same rammevilkåra gjeld også i dag, og ei utviding av verkeområdet er såleis ikkje aktuelt.

Til § 2 Definisjonar

I første ledd bokstav a er omgrepet «stadnamn» definert med ei vidareføring av definisjonen i den opphavlege loven. Stadnamn er ei fellesnemning for namn på geografiske lokalitetar av ulike slag (punkt, liner eller område), også kalla namneobjekt. Geografiske lokalitetar som har eller kan få namn, kan delast inn i undergrupper, t.d.

- terrengformasjonar (fjell, dalar, vatn, fjordar, øyar osv.)
- kulturformasjonar, dvs. menneskelaga formasjonar (gardar, bruer, tunnelar osv.)
- administrative område (kommunar, sokn, skolekrinsar, valkrinsar osv.)
- bygningar, institusjonar

Omgrepet skal dekkje namn på alle undergruppene dersom ikkje anna er sagt.

I bokstav b er omgrepet «gardsnamn» definert. Det vanlege er at gardsnamnet berre er knytt til eitt gardsnummer, men i nokre tilfelle finst det eksempel på same gardsnamn på fleire gardsnummer.

I bokstav c er omgrepet «bruksnamn» definert. Bruksnamn er namn på eigedommar som er utskilde frå opphavsgarden med eige bruksnummer eller

festenummer. Namna på eigedommane med dei lågaste bruksnumra er ofte identiske med gardsnamnet, gjerne med ei presisering, slik som nordre, nedre, store eller liknande.

Omgrepet «nedervd stadnamn» i *bokstav d* dekkjer både munnleg og skriftleg overlevering. I omgrepet nedervd ligg eit krav til at namnet skal ha vore bruka i eit lengre tidsrom. Det er likevel ikkje eit krav at namnet skal vere frå ein gitt tidsepoke.

Omgrepet «den lokale talemålsforma» er definert i *bokstav e*, og det omfattar også den forma som blir nytta av folk som har næringsmessig tilknytning til staden. Eksempel på dette er fiskarar, sjøfolk, fangstfolk og flyttsamar, dvs. folk som har tradisjonell tilknytning til staden gjennom busetnad eller årvis næringsverksemd, og som nyttar eigne namn på stader der dei ferdast. For at ein skal kunne seia å ha tilknytning til staden, må tilknyttinga vere av ein varig, om ikkje permanent karakter.

Omgrepet «rettskrivingsprinsipp» som er definert i *bokstav f*, vil seie dei allmenne reglane for korleis lydar og lydkombinasjonar som gjeld til eikvar tid skal skrivast. Til dømes skal lang vokal skrivast med *ein* vokal og *ein* konsonant, som i tak, mens kort vokal skal skrivast med *ein* vokal og *to* konsonantar, som i takk. Desse prinsippa blir realiserte gjennom rettskrivinga.

Til § 3 Namnevern og namnsetjing

Som del av kulturarven har mange av stadnamna krav på vern. Eit namn som høyrer med blant dei som er nemnde i *første ledd*, kan derfor som hovudregel ikkje takast i bruk på ein stad dersom det ikkje kan dokumenterast at namnet har gammal tilknytning til staden. At eit etternamn er verna, vil seie at det er i bruk som etternamn av færre enn 200 personar i Noreg, jf. lov 7. juni 2002 nr. 19 om personnavn § 3 første ledd. At eit namn er særlege, vil seie at det er spesielt for den staden der det høyrer heime, t.d. Jarlsberg eller Portør. Andre grunnar til at eit stadnamn bør vernast, kan vere at namnet har ei særleg historisk eller kulturell interesse på staden, som t.d. Gardermoen.

Eit nedervd stadnamn kan heller ikkje bytast ut med eit namn utan tradisjon på staden dersom ikkje særlege grunnar talar for det. Særlege grunnar til å byte ut eit tradisjonelt namn kan vere at namnet lett kan bli forveksla med eit anna namn i nærleiken, at namnet er nedsetjande og til byrde for dei som bur på staden (t.d. Pina, Sveltihel), eller når det nye namnet er tenkt gitt på grunn av behovet for identifikasjon. Vidare kan hendingar på ein stad gjere det naturleg å ta i bruk nye namn, til dømes å kalle opp ein stad etter ein person som har hatt mykje å seie

for eit lokalsamfunn. Det skal ikkje stillast strenge krav til «særlege grunnar» i denne samanhengen.

Føresegna skal ikkje vere til hinder for nydanning av stadnamn. Stadnamn har alltid vore gjenstand for ei viss endring, og det er ikkje eit mål i seg sjølv å fryse utviklinga.

Når nye namneobjekt skal namnsetjast, bør namneskikken på staden følgjast når det er mogleg.

Til § 4 Reglar om skrivemåten

Første ledd fastset at utgangspunktet for fastsetjing av skrivemåten skal vere den lokale talemålsforma av namnet. Med den lokale talemålsforma av namnet er meint den uttaleforma som er i allmenn bruk av folk som er busette på staden, dvs. folk som har tradisjonell tilknytning til namnet gjennom busetjing eller årvis næringsverksemd, jf. § 2. I konkrete namnesaker må det påvisast kva som er den lokale talemålsforma, og om det finst fleire uttaleformer av same namnet, både skriftpåverka former og nyare talemålsformer. Dersom fleire uttaleformer er i bruk, skal ein som hovudregel ta utgangspunkt i den uttaleforma som har lengst tradisjon på staden. Departementet vil likevel understreke at også skriftpåverka namneformer og nyare namneformer er ein del av norsk namnetradisjon. Dersom slike namneformer er i allmenn bruk lokalt og lokalsamfunnet identifiserer seg med dei, må det leggjast vekt på dette ved fastsetjing av skrivemåten når formene ligg innanfor regelverket.

Stadnamna skal som hovudregel skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving når det er tale om ord og namneledd som er normerte i moderne norsk. Det er gitt forskrift med utfyllande reglar om skrivemåten av stadnamn, og dei to målformene er likestilte ved fastsetjing av skrivemåten. Namn med utdøydde eller uklare språkelement skal, så langt det er rimeleg, skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp.

Stadnamna bør i visse tilfelle kunne avspegle regionale målmerke. Det same gjeld lokale målføreformar når særlege grunnar talar for det. Det er likevel ikkje meininga å gi att alle lokale målførevariantar. Ein bør halde seg til visse hovudtypar i lydverk og formverk og leggje større vekt på regionale enn lokale målmerke.

Kvenske stadnamn i Troms og Finnmark skal følgje rettskrivingsprinsippa i finsk. Finske stadnamn på Austlandet kan tilpassast norske rettskrivingsprinsipp.

Andre ledd tek for seg dei tilfella der same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden. Det same stadnamnet kan samstundes vere namn på fleire gardsbruk, ei grend, ein skole, ein post-

stad, ein haldeplass m.m. Når same namnet slik blir brukt om ulike einingar på same staden, skal det som hovudregel ha berre ei skriftform på kvart språk. Ofte vil *ein* funksjon vere primær i høve til dei andre, og i slike tilfelle skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Førresetnaden må vere at den lokale talemålsforma er den same i dei ulike funksjonane, og at det ikkje er andre grunnar som tilseier ulike skrivemåtar, t.d. skriftradisjonen i dei ulike funksjonane, ønsket til eigaren ved bruksnamn, eller at det knyter seg sterke interesser til dei ulike formene. Når kommunen ønskjer å nytte eit stadnamn som er knytt til staden frå før i ei offisiell adresse, vil adressefunksjonen vere sekundær i forhold til det opphavlege stadnamnet. Skrivemåten til stadnamnet vil då vere retningsgivande for skrivemåten til adressa. Det er namnekonsulentane som skal samordne vedtaksprosedyren, slik at skrivemåten i primærfunksjonen blir vedteken først.

Det kan i ein del tilfelle vere vanskeleg å avgjere kva som er primærfunksjonen. Nokre haldepunkt finst: dersom eit namn blir brukt både som naturnamn og gardsnamn/bruksnamn, og hovudleddet (oftast sisteleddet) karakteriserer ein naturforma-sjon, t.d. Brattbakken, Storhaugen, Djupvik, vil funksjonen som naturnamn normalt vere primær. Er eit namn brukt både som gardsnamn/bruksnamn, grendenamn og poststadnamn, vil funksjonen som gardsnamn/bruksnamn normalt vere den primære, og funksjonen som grendenamn sekundær. Dersom partane i ei slik sak er usamde om kva som er primærfunksjonen, må fråsegna til namnekonsulentane tilleggjast avgjerande vekt.

Dagens skriftformer kan ha oppstått på ulike måtar, nokre meir tilfeldig, andre etter vurdering i samsvar med gjeldande regelverk. Dersom den forma som er bruka i statleg samanheng, byggjer på det regelverket for skrivemåten av stadnamn som til kvar tid har vore gjeldande, bør det leggjast vekt på denne. Dersom ei anna skriftform er vel kjend og meir bruka, må det likevel vurderast om ho bør brukast.

Skrivemåten av stadnamn kan avvike frå gjeldande rettskrivingsprinsipp når skriftforma har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, eller at det knyter seg særleg sterke interesser til denne skriftforma, t.d. av økonomisk karakter. Utanlandske og reint litterære namn og nyare personnamn treng ikkje følgje norske rettskrivingsprinsipp.

To eller fleire skriftformer av same namn på same namneobjekt kan fastsetjast som sidestilte dersom eitt eller fleire av vilkåra i *andre ledd, bokstav a til c* er oppfylte. Berre eit av dei tre vilkåra må vere

oppfylte for at fastsetjing av to eller fleire alternative former skal vurderast. Dersom to eller alle alternativa er oppfylte, talar det for å godta fleire skriftformer.

Til § 5 Fastsetjing av skrivemåten

§ 5 gir reglar om kven som kan ta opp saker, kven som kan gjere vedtak, og kven som kan avgjere tvilsspørsmål. Dersom bruksnamnet er ein del av den offisielle adressa, ved at det t.d. er del av eit vegnamn, skal skrivemåten som er fastsett for bruksnamnet, nyttast.

Dei organa som kan gjere vedtak om skrivemåten etter andre og tredje ledd i denne paragrafen, kan også ta opp namnesak etter første ledd bokstav a. I tillegg kan også eigar og festar av bruk, lokal organisasjon og stadnamnkonsulentar ta opp saker når visse vilkår er oppfylte. Avgjerdsorganane pliktar å ta stilling til skrivemåten i saker som er tekne opp av dei som er nemnde i første ledd, men kan sjølve velje om dei vil behandle saker som blir tekne opp av andre.

Det er gitt eigne reglar om saksbehandlinga i forskrifta til loven.

Første ledd regulerer kven som kan ta opp sak om skrivemåte av stadnamn. *Bokstav a* slår fast at alle organ for stat, fylkeskommune og kommune kan ta opp saker som gjeld namn dei skal bruke i tenesta. Det same kan selskap som fullt ut er eller har vore i offentleg eige. Med omgrepet «festar» i *bokstav b* er her tenkt på langvarig feste av grunn; leige og forpaktning fell utanfor. Offentleg organ kan berre ta opp slike saker dersom det skal bruke namnet i tenesta. Med lokal organisasjon i *bokstav c* er meint organisasjonar og samanslutningar som t.d. burettslag, velforeiningar, språkorganisasjonar og historielag. Etter *bokstav d* har også stadnamnkonsulentane rett til å ta opp sak om skrivemåten av stadnamn. Dei har eit særleg ansvar for at vi i rimeleg grad får eit namneverk som er i samsvar med loven og forskrifta, og bør såleis ha rett til å ta opp namnesaker i område dei har særskilt ansvar for.

Kommunar og fylkeskommunar vil etter *andre ledd* i denne føresegna framleis fastsetje skriftformer for dei same stadnamna som dei til no har hatt ansvaret for. Kommunane skal dessutan ha ansvaret for vedtak om skrivemåte for alle namn som skal brukast som offisiell adresse med unntak av bruksnamn. Desse skal få si skriftform i samsvar med § 8, jf. § 4 andre ledd om primærfunksjon.

Tredje ledd gjeld det ansvaret Statens kartverk har for fastsetjing av skriftformer. Kartverket skal fastsetje skriftformer i all statleg samanheng, med-

rekna gardsnamn og bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, med unntak av skriftformer som skal fastsetjast av Kongen, Stortinget eller eit departement. Kartverket skal også fastsetje kva for skriftform som skal nyttast av selskap som er eller har vore i offentleg eige. Det kan gjerast samlevedtak for korleis eit namneledd i eit naturnamn skal skrivast innanfor eit administrativt område, t.d. vann/vatn eller tjørn/tjern, slik at det ikkje skal vere nødvendig å reise namnesak i alle tilfelle der heile eller delar av namn skal skrivast på ein måte som alt er vedteken.

Dersom det er tvil om kven som skal fastsetje skrivemåten etter reglane i stadnamnlova, fastset *fjerde ledd* at spørsmålet kan leggjast frem for departementet. I dei fleste tilfelle der ikkje anna er fastsett, vil det vere Kartverket som fastset skrivemåte. Dette vil t.d. gjelde skrivemåte av poststadnamn.

Til § 6 Nærmare om saksbehandlinga

I *første ledd* i denne paragrafen er eigar eller festar, kommune og lokale organisasjonar gitt rett til å uttale seg i visse tilfelle. I forskrifta til loven vil det bli fastsett høvelege fristar for slike fråsegner. Kommunane må få rimeleg tid til saksbehandlinga, samtidig som dette ikkje må seinke kartproduksjon og annan bruk av fastsette skriftformer så mykje at det skaper vanskar.

Når skrivemåten av eit bruksnamn skal fastsetjast av andre enn eigar eller festar, dvs. av eit offentleg organ, har eigar eller festar rett til å uttale seg i saka før skrivemåten blir fastsett. Det skal leggjast særleg vekt på det ønsket eigaren har med omsyn til skrivemåte, når den skriftforma han ønskjer, ligg innanfor regelverket.

Eigar eller festar har også rett til å uttale seg i saker som gjeld gardsnamn, når skrivemåten av gardsnamnet skal vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamnet (jf. merknadene til § 8 andre ledd), fordi dei i slike tilfelle vil ha ei særleg interesse i utfallet av namnesaka. Dersom bruksnamnet inneheld heile eller delar av eit gardsnamn, skal skrivemåten av gardsnamnet vere retningsgivande for korleis bruksnamnet skal skrivast.

Andre ledd fastset at når vedtaket skal gjerast av andre enn kommunen, skal vedtaksorganet sende saka til vedkomande kommune, som skal syte for at ho blir kunngjord for dei som har rett til å uttale seg. Eigar eller festar skal få tilsendt saka direkte i saker som gjeld bruksnamn, eller gardsnamn som utgjer heile eller delar av bruksnamnet, og som vil vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamnet. Andre med uttalerett i saker som gjeld bruks-

namn, t.d. lokale organisasjonar med særleg tilknytning til namnet, skal varslast med kunngjering i minst to aviser som er vanleg lesne på staden, eller på anna høveleg vis, som t.d. i lokale informasjons-trykksaker. I saker som gjeld samiske eller kvenske namn, skal interesserte organisasjonar få tilsendt saka direkte. Bakgrunnen for dette er at desse organisasjonane ikkje alltid er lokaliserte slik at dei les dei lokale avisene.

Saker som gjeld andre namn enn bruksnamn, skal kunngjerast på same måten. Kunngjeringa må innehalde opplysningar om kva for namnesaker som er reiste, kvar sakspapira er utlagde, og frist for å kome med merknader. Kommunen sender dei innkomne fråsegnene saman med eiga fråsegn til namnekonsulentane, som gir tilråding om skrivemåten til vedtaksorganet.

Tredje ledd fastset at dersom ein stad har namn på fleire språk, skal det reisast sak for alle namna samtidig. Namnekonsulentane må undersøkje om det finst parallellnamn.

Til § 7 Gjenopptaking

Denne paragrafen er ny og opnar for at det skal vere mogleg å ta opp att ei sak dersom ein har nye opplysningar som vil kunne verke inn på vurderinga. For at opplysningane skal bli vurderte som nye, er det tilstrekkeleg at dei ikkje har vore med i den førre vurderinga av korleis stadnamnet skal skrivast. Nye reglar som endrar det faktiske vurderingsgrunnlaget, er også grunn til gjenopptaking. For at den som ønskjer at ei sak skal takast opp att skal kunne vurdere om opplysningane er nye, må vedtaksorgan som har gitt avslag, på spørsmål kunne opplyse om grunngevinga for det, dersom dette ikkje er gjort samtidig med avslaget.

Til § 8 Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn

Første ledd regulerer eigars eller festars rett til å fastsetje namn på eige bruk. Bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, er blant dei eldste stadnamna i landet og dei bør takast vare på som kulturminne. Eigar eller festar kan ikkje gi eigeleidd nytt namn i staden for det tradisjonelle namnet, dersom ikkje særlege grunnar talar for det. For særlege grunnar, sjå merknadene til § 3 Namnevern og namnsetjing. Eigar eller festar kan likevel gi eigeleidd eit eige bruksnamn i tillegg til det tradisjonelle namnet.

Eigar eller festar kan gi eigeleidd med norsk namn i samisk eller kvensk busetjingsområde samisk eller kvensk namn i tillegg til eller i staden for

det norske namnet. Bruksnamna skal brukast av det offentlege i samsvar med reglane om fleirspråkleg namnebruk.

Andre ledd regulerer skrivemåten av bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, og som derfor skal fastsetjast etter reglane i denne loven. Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som heile eller ein del av bruksnamnet.

Tredje ledd regulerer når vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn. Heile eller delar av mange bruksnamn er identiske med namnet på opphavsgarden. Fordi det her i utgangspunktet gjeld sekundær bruk av eit namn, er det rimeleg at skrivemåten av gardsnamnet som hovudregel skal vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamna. Dette er også i samsvar med § 4 andre ledd om skrivemåten i primærfunksjon som retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane.

Fjerde ledd fastset at skrivemåten av andre bruksnamn skal fastsetjast av eigar eller festar. Det vil normalt gjelde uavkorta for namn på nye bruk, bustadhus, hytter o.l.

Til § 9 Bruk av stadnamn

Første ledd pålegg offentleg organ mv. plikt til å bruke fastsette namneformer i tenesta når slike finst. Dette skal gjerast på eige initiativ.

Samiske og kvenske stadnamn skal etter *andre ledd* brukast av det offentlege på kart, skilt, i register mv., dersom dei er nytta av folk som bur fast på staden eller har næringsmessig tilknytning til han. At nokon «bur fast» på staden, inneber at dei må ha regelmessig tilknytning til staden over lengre tid. Dette gjeld også «næringsmessig tilknytning» til staden, t.d. for flyttsamar og fiskarar.

Ut frå praktiske grunnar kan det vere nødvendig å velje eitt eller to av namna på kart, skilt, i register mv. I slike høve kan ein velje bort det norske namnet dersom det er ei fornorska form av det samiske eller finske namnet og skil seg lite frå det og ikkje er innarbeidd i den norske varianten, t.d. Vækker og Skaídi. Innarbeidd norske namn som Kautokeino og Karasjok kan ikkje veljast bort, heller ikkje norske omsetjingsnamn eller namn med eitt norsk og eitt samisk/kvensk ledd. Ved valet mellom samisk og kvensk namn bør ein velje eldre namn framfor yngre og til vanleg sjå bort frå omsetjingar. Avgjerande vekt bør leggjast på den lokale namnetradisjonen og på kulturminneomsynet. Regelen gjeld også tilvisingsskilt til fleirspråkleg område.

Med i bruk av det offentlege i *tredje ledd* i paragrafen er meint at det offentlege nyttar namnet i tenesteutøving, på kart, skilt, i register mv. Oppføring i namnesamlingar, bygdebøker o.l. er ikkje offentleg bruk.

Mange av dei skriftformene som er i bruk av det offentlege, er fastsette etter dei reglane som var gjeldande før denne loven blir sett i verk. Andre er tekne i bruk utan særskilt vedtak. Desse skriftformene treng ikkje vurderast på nytt utan at nokon av dei som er nemnde i § 5 første ledd, tek opp sak om det. Vedtak om skrivemåte som blir gjort etter at denne loven er sett i verk, skal meldast til stadnamnregisteret og takast inn der, jf. § 12 andre ledd.

Til § 10 Klage

Stadnamn er noko som opptek svært mange menneske. Stadnamna er dessutan ledd i eit nasjonalt namneverk med stor kulturhistorisk verdi. Departementet finn det derfor rimeleg at alle vedtak, med unntak av vedtak gjorde av Kongen og Stortinget, kan påklagast.

Eit offentleg organ er i *første ledd* i paragrafen gitt klagerett i saker som gjeld namn det skal bruke i tenesta. Det kan t.d. vere at det er fastsett ei skriftform som kan føre til uheldig og unødvendig forveksling med andre stadnamn. Eigar eller festar av bruk kan klage på vedtak om skrivemåten av bruksnamn etter § 8 andre ledd. Av omsyn til allmenta er det også rimeleg at lokale organisasjonar og samslutningar med særleg tilknytning til stadnamnet, har klagerett.

Klage over vedtak om skrivemåte eller namnsetjing (§ 3) skal avgjerast av Klagenemnda for stadnamnsaker. Klage over manglande vedtak skal også behandlast av klagenemnda. Klage over feilbruk eller manglande bruk av eit vedteke stadnamn skal avgjerast av overordna departement. Dette vil t.d. gjelde Kommunal- og regionaldepartementet i saker der kommunar ikkje nyttar vedteken skriftform, eller Samferdselsdepartementet i tilfelle der Statens vegvesen ikkje nyttar vedtekne skriftformer.

Klage skal grunnigvast. På denne måten vil klagen vere sikra at klageorganet vurderer dei synspunkta og merknadene som han byggjer klagen sin på, jf. forvaltningsloven § 34 andre ledd andre punktum.

Det er naturleg at det overordna departementet har ansvar for å behandle klager over feilbruk eller manglande bruk. Klagenemnda bør ikkje vere klageinstans i slike klagesaker, sidan deira oppgave er å ta stilling til kva for stadnamn som skal nyttast, og kva for skrivemåte dette namnet skal ha.

Andre ledd fastset at klagesaker skal behandlast av ei klagenemnd oppnemnd av Kongen. Klagenemnda skal samansettast slik: leiar med dommar-kompetanse slik denne er definert i § 54 andre ledd i domstolsloven og ein annan fast medlem oppnemnd på fritt grunnlag. I saker som gjeld norske stadnamn, skal nemnda i tillegg ha ein medlem for kvar målform. I saker som gjeld samiske eller kvenske stadnamn, skal nemnda ha ein medlem for samisk eller kvensk. Reglar om samansetting av klagenemnda skal fastsettast i forskrift.

Sametinget kan uttale seg i prinsipielle saker som gjeld samiske stadnamn og Norsk språkråd i prinsipielle saker som gjeld norske stadnamn.

Tredje ledd fastset at klage på vedtak gjort av eit departement ikkje skal avgjerast av klagenemnda, då ein ikkje finn det rett at eit slikt organ skal føre kontroll med verksemda i departementa. Dersom nokon klagar på slike vedtak, skal vedkomande departement innhente tilråding frå klagenemnda før det vurderer omgjerding av vedtaket. Klagenemnda vil såleis ha ein dobbel funksjon: Ho er klageorgan for vedtak som etter denne loven er gjort av andre enn eit departement, og rådgivande organ i klagesaker for departementa.

Til § 11 Stadnamnkonsulentar

§ 11 *første ledd* fastset at departementet oppnemner stadnamnkonsulentar for norske og kvenske stadnamn, mens Sametinget oppnemner stadnamnkonsulentar for samiske stadnamn. Namnekonsulentane skal oppnemnast på åremål for seks år om gongen. Dei må ha embetseksamen med norsk hovudfag eller tilsvarende utdanning, og røynsle frå stadnamnarbeid, eller tilsvarende utdanning i samisk eller finsk. Til hjelp for konsulentane skal det tilsettast sekretærar. Reglar om oppnemning av stadnamnkonsulentar skal fastsettast i forskrift. Departementet skal gi instruks for tenesta til namnekonsulentane og sekretæranane.

Departementet har høve til å engasjere konsulentar til særlege oppgåver, t.d. i samband med revisjon av kartverk. Desse korttidskonsulentane må stå i nær kontakt med dei ordinære namnekonsu-

lentane, slik at reglane blir praktiserte mest mogleg likt.

Departementet har i brev av 22.12.1993 delegert ansvaret for å engasjere namnekonsulentar til Norsk språkråd. Denne fullmakta vil også gjelde det organet som kjem i staden for Språkrådet etter omorganiseringa.

Til § 12 Stadnamnregister

I det sentrale stadnamnregisteret skal alle landets offisielle stadnamn førast inn. Opplysningane i registret er offentlege, men det kan takast betaling for uttak av informasjon dersom det er gitt forskrift i medhald av fjerde ledd i føresegna. Betalings-satsar som eventuelt blir fastsette i forskrifta, skal spegle kostnaden ved å ta ut informasjonen. Betaling for direkte tilknytning til registret skal ikkje overstige kostnadene ved å vedlikehalde eit elektronisk register.

Til § 13 Forskrift og unntak

Stadnamn har ein svært vid definisjon. Og sjølv om loven i hovudsak berre gjeld stadnamn som er eller blir tekne i bruk av offentlege organ, får ho verknad for mange tusen namn. Det er vanskeleg å lage eit regelverk som på ein tenleg måte kan ta omsyn til alle sider av saka. Mange av dei meir detaljerte reglane vil bli fastsette i forskrift, t.d. språklege retningslinjer og reglar for konsulenttenesta.

Når særlege grunnar talar for det, bør departementet ha høve til å gjere unntak frå reglane i loven og forskrifta. Føresetnaden må likevel vere at det blir lagt vekt på intensjonane i loven.

Kultur- og kyrkjedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn m.m.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn m.m. i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn m.m.

I

I lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn er det foreslått følgjande endringar:

§ 1 skal lyde:

§ 1 *Formål og verkeområde*

Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.

Lova skal sikre omsynet til samiske og kvenske stadnamn i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar og konvensjonar.

Lova gjeld når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal fastsetje stadnamn eller skrivemåten av dei, eller bruke dei i tenesta. Lova gjeld også bruk av stadnamn i selskap som det offentlege eig fullt ut og i læremiddel som skal brukast i skolen. Departementet kan i særskilte tilfelle gi forskrift om at lova skal gjelde når selskap som det offentlege ikkje eig fullt ut, skal bruke stadnamn.

Lova gjeld ikkje for Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda, den norske kontinentalsokkelen og Noregs økonomiske sone.

§ 2 skal lyde:

§ 2 *Definisjonar*

I denne lova tyder:

- a) stadnamn, namn på geografiske punkt, liner og område som kan kartfestast
- b) *gardsnamn*, namnet på heile det gardsområdet som eitt eller fleire gardsnummer er knytte til
- c) *bruksnamn*, namn på eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer
- d) *nedervd stadnamn*, stadnamn som munnleg eller skriftleg er overlevert frå tidlegare generasjonar.
- e) *lokal talemålsform*, den uttaleforma som er i allmenn bruk av folk som har tradisjonell tilknytning til staden, gjennom busetjing eller årviss næringsverksemd
- f) *rettskrivingsprinsipp*, allmenne reglar for korleis lydar og lydkombinasjonar skal givast att i skrift

§ 3 skal lyde:

§ 3 *Namnevern og namnsetjing*

Eit stadnamn kan som hovudregel ikkje takast i bruk på ein stad der det tradisjonelt ikkje høyrer heime, når det

- a) *er i bruk som etternamn og er verna, eller*
- b) *på annan måte er eit særlege namn, eller*
- c) *av andre grunnar bør vernast*

Eit nedervd stadnamn kan ikkje bytast ut med eit namn utan tradisjon på staden dersom ikkje særlege grunnar talar for det.

§ 4 skal lyde:

§ 4 *Reglar om skrivemåten*

Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den lokale talemålsforma av namnet. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. For kvenske stadnamn skal skrivemåten følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i finsk. Finske stadnamn på Austlandet kan tilpassast norske rettskrivingsprinsipp.

Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane. To eller fleire skriftformer av same namn på same namneobjekt kan fastsetjast som sidestilte dersom eitt eller fleire av desse vilkåra er oppfylte:

- a) *det finst fleire uttalevariantar av namnet fordi lokaliteten har stor geografisk utbreiing, eller ligg i eit dialektalt eller administrativt grenseområde*
- b) *to eller fleire skriftformer av namnet er vel innarbeidde*
- c) *det er sterk lokal interesse for to eller fleire av formene*

§ 5 skal lyde:

§ 5 *Fastsetjing av skrivemåten*

Saker om skrivemåten av stadnamn kan takast opp av

- a) *offentleg organ og andre som er nemnde i § 1 andre ledd,*
- b) *eigar eller festar når bruksnamnet kjem inn under § 8 andre ledd,*
- c) *lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn,*

d) stadnamnkonsulentane når det gjeld stadnamn i deira område.

Kommunen gjer vedtak om skrivemåten av offisiell adresse og av namn på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg o.l. Fylkeskommunen gjer vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg o.l.

Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten av andre stadnamn *dersom ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift. Det kan gjerast samlevedtak for skriftforma av eit namneledd innanfor same administrative område.*

Er det tvil om kven som etter desse reglane skal fastsetje skrivemåten av eit stadnamn, kan spørsmålet leggjast fram for departementet til avgjerd.

§ 6 skal lyde:

§ 6 Nærmare om saksbehandlinga

Når ei namnesak er teken opp med vedtaksorganet, skal saka gjerast kjend for dei som har rett til å uttale seg. Eigiar eller festar har rett til å uttale seg i saker som gjeld bruksnamn. Eigiar eller festar har òg rett til å uttale seg i saker som gjeld gardsnamn, når skrivemåten av gardsnamnet skal vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamnet. Synspunkta til eigaren skal tilleggjast særskild vekt. Kommunane har rett til å uttale seg når vedtaket skal gjerast av andre organ enn kommunen sjølv. Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til. Før vedtak om skrivemåte blir gjort, skal namnekonsulentane gi tilråding om skrivemåten.

Saker som gjeld gards- og bruksnamn, skal eigiar eller festar få tilsendt direkte. Saker som gjeld samiske eller kvenske stadnamn, skal dessutan sendast til lokale organisasjonar med særleg tilknytning til saka. I tillegg skal saka kunngjerast i minst to aviser som er alminneleg lesne på staden, eller gjerast kjend på annan høveleg måte. Saker som gjeld andre namn, skal kunngjerast på same måten.

Namnesak må reisast samtidig for parallellnamn på norsk, samisk og kvensk. Med mindre anna er fastsett i lov eller i medhald av lov, gjeld reglane i forvaltningsloven kapittel IV, V og VIII ikkje for saker etter lova her.

§ 7 skal lyde:

§ 7 Gjenopptaking

Ei sak kan takast opp av dei som er nemnde i § 5 bokstav a til d, dersom det kjem til nye opplysningar. Nytt vedtak skal gjerast etter reglane i denne lova.

§ 8 skal lyde:

§ 8 Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn

Eigiar eller festar kan fastsetje namn på eige bruk. Eigiar eller festar har likevel ikkje rett til å endre eller byte ut bruksnamn som kjem inn under andre ledd, dersom ikkje særlege grunnar talar for det.

Skrivemåten av gardsnamn og bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som etter reglane i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal fastsetjast etter reglane i §§ 4 til 6.

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet.

For andre bruksnamn fastset eigiar eller festar skrivemåten.

§ 9 skal lyde:

§ 9 Bruk av stadnamn

Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd.

Samiske og kvenske stadnamn som blir nytta blant folk som bur fast på eller har næringsmessig tilknytning til staden, skal til vanleg brukast av det offentlege t.d. på kart, skilt, i register saman med eventuelt norsk namn.

Offentlege organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd, skal halde fram med å bruke dei skriftformene som er i bruk av det offentlege når lova blir sett i verk, til det eventuelt blir gjort endringsvedtak.

§ 10 skal lyde:

§ 10 Klage

Vedtak etter denne lova kan påklagast av dei som etter § 5 første ledd bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Offentleg organ har berre klagerett i saker som gjeld namn dei skal bruke i tenesta. Klageretten gjeld også vedtak gjorde av kommunar og fylkeskommunar. Klage skal grunnngivast. Vedtak gjorde av Kongen og Stortinget kan ikkje påklagast. Feilbruk eller manglande bruk av stadnamn etter § 9 kan påklagast til overordna departement. Klage over manglande vedtak kan påklagast til klagenemnda.

Klager på andre vedtak enn dei som er gjorde av eit departement, skal behandlast av ei klagenemnd oppnemnd av Kongen. I klagesaker av prinsipiell karakter kan klagenemnda gi Norsk språkråd, Sametinget og departementet høve til å uttale seg.

Departement som gjer vedtak om skrivemåte, har plikt til å ta saka opp til ny avgjerd etter klage. Departementet skal i slike saker innhente tilråding frå klagenemnda.

For førebuinga av ei klagesak gjeld saksbe-handlingsreglane i § 6 tilsvarande. Elles gjeld reglane i forvaltningsloven kapittel VI.

§ 11 skal lyde:

§ 11 Stadnamnkonsulentar

Departementet oppnemner stadnamnkonsulentar for norske og *kvenske* stadnamn. *Sametinget oppnemner stadnamnkonsulentar for samiske stadnamn.*

Namnekonsulentane skal gi rettleiing og råd om skrivemåten av stadnamn.

§ 12 skal lyde:

§ 12 Stadnamnregister

Det skal *førast* eit sentralt stadnamnregister.

Alle skriftformer som er endeleg fastsette, skal meldast til stadnamnregisteret av det organet som har gjort vedtaket.

Opplysningane i registeret er offentlege.

Departementet kan gi forskrift om betaling for uttak frå og for direkte tilknytning til registeret. Satsane skal fastsetjast slik at dei samla inntektene ikkje overstig kostnadene ved utlevering av informasjon og vedlikehald av eit elektronisk tilgjengeleg register.

§ 13 skal lyde:

§ 13 Forskrift og unntak

Departementet kan gi forskrift til utfylling og gjennomføring av lova.

Når særlege grunner talar for det, kan departementet i enkelttilfelle gjere unntak frå reglane i lova og forskrifta.

Noverande § 13 blir ny § 14.

II

I lov 7. juni 2002 nr. 19 om personnavn skal § 4 nr. 8 lyde:

navn på et gårdsbruk som vedkommende eller en av dennes foreldre eier og har eid i minst 10 år, eller som vedkommende eller en av foreldrene bruker og har brukt i minst 20 år eller har brukt i minst 10 år og har en bruksrett til som er fastsatt for en av foreldrenes eller vedkommendes livstid. Dette gjelder ikke dersom navnet på gårdsbruket er valgt etter 1. januar 1947 og strider mot *lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn § 3 bokstav a.*

III

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

Vedlegg 1

Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn

§ 1. Definisjonar

Stadnamn tyder i denne lova namn på geografiske punkt, liner og område som kan kartfestast.

Bruksnamn tyder i denne lova namn på eigedom med gards- og bruksnummer eller gards-, bruks- og festenummer.

§ 2. Geografisk verkeområde

Så langt Kongen fastset, skal lova også gjelde for Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda, den norske kontinentalsokkelen og Noregs økonomiske sone.

§ 3. Bruk av stadnamn

Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal skrivemåten brukast av alle offentlege organ, selskap som det offentlege eig fullt ut, og stiftingar som er oppretta av det offentlege. Andre skal bruke skrivemåten når dei gjer enkeltvedtak eller gir forskrift. Det same gjeld for skrivning av namn i godkjenningsspliktige lærebøker og i læremiddel utgitt med statsstøtte.

Samiske og finske stadnamn som blir nytta blant folk på staden, skal til vanleg brukast av det offentlege på kart, skilt, i register m.m., saman med eventuell norsk namneform.

§ 4. Reglar om skrivemåten

Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. For finske stadnamn i Nord-Noreg skal skrivemåten følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i finsk.

Same namnet på ein og same staden skal som hovudregel ha berre ei skriftform i kvart språk.

Når særlege grunnar talar for det, kan skrivemåten av stadnamn avvike frå gjeldande rettskrivingsprinsipp.

§ 5. Særskilde reglar om bruksnamn

Eigar eller, dersom eigedommen er festa bort, festar fastset skrivemåten av bruksnamn.

Skrivemåten av bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som etter reglar i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal likevel fastsetjast etter reglane i §§ 4 og 6.

§ 6. Fastsetjing av skrivemåten

Saker om skrivemåten av stadnamn kan takast opp av:

- Offentlege organ og andre som er nemnde i § 3 første ledd første punktum.
- Eigar eller, dersom eigedommen er festa bort, festar når bruksnamnet 1 kjem inn under § 5 andre ledd.
- Lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn.
- Stadnamnkonsulentane når det gjeld stadnamn i deira område.

Kommunestyret eller den det gir fullmakt, gjer vedtak om skrivemåten av namn på kommunale gater, vegar, parkar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg o.l. Fylkestinget eller den det gir fullmakt, gjer vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale vegar, anlegg o.l.

Når ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift gjer vedkommande statsorgan vedtak om skrivemåten av namn på statlege administrative område, anlegg o.l. Det same gjeld stadnamn på Svalbard, Jan Mayen, den norske kontinentalsokkelen, i Noregs økonomiske sone og i dei norske bilanda.

Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten av andre stadnamn.

Er det tvil om kven som etter desse reglane skal fastsetje skrivemåten av eit stadnamn, kan spørsmålet leggjast fram for departementet 7 til avgjerd.

Offentlege organ og andre som er nemnde i første ledd, skal halde fram med å bruke dei namneformene som er i bruk av det offentlege når lova blir sett i verk, til det eventuelt blir gjort endringsvedtak etter reglane i denne lova.

§ 7. Nærmere om saksbehandlingen

Eigar eller, dersom eigedommen er festa bort, festar har rett til å uttale seg i saker som gjeld bruksnamn. Kommunane har rett til å uttale seg før det blir gjort vedtak om skrivemåten av stadnamn i kommunen. Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har særleg ei tilknytning til.

Dei som har rett til å uttale seg i saka, skal få varsel når saka blir teken opp. Dei skal få kopi av tilrådinga frå stadnamnkonsulentane, og dei har rett til å få sjå fråsegner frå dei andre partane. Dei skal få melding om vedtaket i saka.

Det organet som gjer vedtak etter § 6 andre til fjerde ledd, skal på førehand leggje saka fram for stadnamnkonsulentane. Når vedtaksorganet krev det, eller når stadnamnkonsulentane finn det nødvendig, skal stadnamnkonsulentane gi tilråding om skrivemåten.

Alle kan få innsyn i tilrådinga frå stadnamnkonsulentane.

Når vedtaket skal gjerast av slike organ som er nemnde i § 6 tredje og fjerde ledd, skal stadnamnkonsulentane sende saka til vedkommande kommune til fråsegn. Kommunane skal også syte for varslingsom at saka er teken opp, til eigar eller festar i saker som gjeld bruksnamn, og til lokale organisasjonar i saker dei har særleg tilknytning til. Kommunen skal samordne innhenting og utsending av fråsegner og gi melding om at det er gjort vedtak.

Med mindre anna er fastsatt i lov eller i medhald av lov, gjeld reglane i forvaltningslova kapittel IV, V og VIII ikkje for saker etter stadnamnlova.

§ 8. Klage

Vedtak om skrivemåten kan påklagast av dei som etter § 6 første ledd bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klageretten gjeld også vedtak gjorde av kommunar og fylkeskommunar. Vedtak gjort av Kongen og Stortinget kan ikkje påklagast.

For førebuinga av ei klagesak gjeld saksbehandlingsreglane i § 7 tilsvarande.

Klager på andre vedtak enn dei som er gjorde av eit departement, skal behandlast av ei klagenemnd oppnemnd av Kongen. I klagesaker av prinsipiell karakter kan klagenemnda gi Norsk språkråd, Samisk språkråd og departementet høve til å uttale seg.

Departement som gjer vedtak om skrivemåte, har plikt til å ta saka opp til ny til avgjerd etter klage. Departementet skal i slike saker innhente tilråding frå klagenemnda.

Elles gjeld reglane i forvaltningslova kapittel VI.

§ 9. Stadnamnkonsulentar

Departementet oppnemner stadnamnkonsulentar for norske, samiske og finske stadnamn.

Namnekonsulentane skal gi rettleiing og råd om skrivemåten av stadnamn.

§ 10. Stadnamnregister

Det skal opprettast eit sentralt stadnamnregister.

Alle skriftformer som er endelege fastsette, skal meldast til stadnamnregisteret av det organet som har gjort vedtaket.

Opplysningane i registeret er offentlege.

§ 11. Unntak

Når særlege grunnar talar for det, kan departementet i enkelttilfelle gjere unntak frå reglane i lova og forskriftene.

§ 12. Forskrifter

Kongen kan gi forskrifter til utfylling og gjennomføring av lova.

§ 13. Iverksetjing

Denne lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

Frå same tid blir det gjort følgjande endring i lov av 23. juni 1978 nr. 70 om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom (delingsloven): - - -



Tykkk. AS O. Fredr. Amesen. Desember 2004